



**Selskapskontroll | Sogn og Fjordane
fylkeskommune**
Trivselshagen IKS

September 2019

«Selskapskontroll av Trivselshagen
IKS»

September 2019

Rapporten er utarbeidd for Sogn og
Fjordane fylkeskommune av
Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein selskapskontroll av Trivselshagen IKS på vegne av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Selskapskontroll inngår som ei av dei obligatoriske oppgåvene til kontrollutvalet. Denne selskapskontrollen har hatt som føremål å sjå på om selskapsavtalen blir etterlevd og om inntekts- og kostnadsfordelinga i selskapet er gjort i samsvar med regelverk og avtalar mellom eigarane. I tillegg er det gjort undersøkingar knytt til samhandlinga mellom aktørane. Revisjonen har gjennomgått sentral dokumentasjon knytt til selskapet og har intervjuet representantar både frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Gloppen kommune i tillegg til representantskapsleiar, styreleiar og dagleg leiar.

Trivselshagen IKS er eit felles eigedomssanlegg som husar viktige funksjonar både for Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune. Anlegget legg til rette for å skape kulturaktivitetar som er viktige både for regionen. Revisjonen meiner samstundes at det er fleire utfordringar, som dels heng saman, knytt til Trivselshagen IKS som må adresserast og løysast for å få til god styring og drift av selskapet. Revisjonen vil særleg peike på tre forhold; (1) Eigarstruktur og –strategi, (2) Avtalar og retningslinjer, under dette også inntekts- og kostnadsfordeling, og (3) Samhandling mellom leigetakarane.

Eigarstruktur og eigarstrategi

Revisjonen merkar seg at det ikkje er avklart kva som er framtidig eigarstruktur for selskapet og at dette fortsatt held på å bli utgreia av fylkeskommunen. Gloppen kommunen på den andre sida har vore tydeleg på korleis kommunen ønsker at selskapet skal utvikle seg. Revisjonen meiner at dette medverkar til at situasjonen for selskapet er uavklart. Revisjonen meiner at ei avklaring av eigarstruktur også vil gjere det lettare å følgje opp tiltaka som er peikt på både i Vidsyn-rapporten og i denne revisjonen.

Revisjonen meiner at det ikkje er tilfredsstillande at eigarane ikkje har etablert ein felles eigarstrategi og lagt til rette for felles eigarføringar overfor selskapet. Revisjonen meiner også det er uheldig at det sit andre representantar i eigarmøta enn i representantskapet. Dette kan medverke til uklare eigarføringar. Dersom selskapet ikkje blir delt, bør det etter revisjonen si vurdering etablertast ein felles eigarstrategi som tydeleggjer eigarane sin strategi for selskapet. Det er denne som skal danne ramma for selskapet sin strategi og drift. Når det er klart kva eigarane ønskjer med selskapet framover må eigarane også sikre at føremålet i selskapsavtalen speglar dette. I dag kan formuleringa i selskapsavtalen forståast på ulike måtar. Revisjonen meiner denne formuleringa med fordel kan gjerast tydelegare.

Avtalar og retningslinjer, under dette også inntekts- og kostnadsfordeling

Revisjonen meiner at det er uheldig at det har utvikla seg ein praksis med omsyn til framleige og fordeling av inntekter og kostnader som ikkje er i samsvar med etablerte avtalar. Revisjonen meiner også at praksisen som har utvikla seg er lite etterprøvbar og oversiktleg.

Det er etablert ein praksis der ein god del inntekter går til Gloppen kommune, medan kostnadene blir dekkja av selskapet og dermed fordelt på både fylkeskommunen og kommunen. Dette gjeld særleg kostnadene knytt til bassenganlegget, men revisjonen vil framhalde at dette også gjeld all framleige som Gloppen kommune har ettersom bruk av bygget alltid vil ha ei kostnadsside, sjølv om det ikkje er knytt personalressursar til bruken. Revisjonen merkar seg at det blir vist til at Gloppen kommunen har vesentlege kostnader knytt til framleige og at det ikkje er rimeleg om alle inntektene skulle gå til selskapet. Revisjonen meiner at dette er forhold som det bør takast omsyn til når ein skal avtale kostnads- og inntektsfordeling knytt til framleige. Det bør også definerast nærare kva som er definert som framleige og kva som er definert som leigetakers ordinære bruk.

Det er revisjonen si vurdering at det til grunn for avtalane mellom selskapet og leigetakarane må etablerast ein revidert plan for bruks- og arealfordeling. Og at denne må oppdaterast årleg basert på faktisk bruk. Fordelinga bør også ta høgde både for ordinær bruk og framleige, og om deler av arealet er meir kostnadskrevjande enn andre.

Samhandling

Semje om struktur, strategi og avtalar er eit viktig grunnlag og utgangspunkt for god samhandling. Men for å få til ei god drift av selskapet er god dialog og tillit mellom leigetakarane, og mellom leigetakarane og dagleg leiing i selskapet, avgjerande. Det må difor settast i verk tiltak for fremje god samhandling.

Revisjonen vil her også understreke at rollane må vere tydelege. Som leigetakar har ein andre roller enn som eigar, og ein må rette seg etter kva som er rett tenesteveg. Administrasjonen i fylkeskommunen og kommunen er leigetakarar. Representantskapet representerer eigarane.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga har revisjonen fleire tilrådingar. Vi har valt å rette desse til Sogn og Fjordane fylkeskommune, som kan ta initiativ til å sette i verk desse tiltaka saman med Gloppen kommune. Det er også eigarane som må gi styringssignal til selskapet om å følgje opp dei tiltaka som det er naturleg at styret og dagleg leiing tek ansvar for.

Revisjonen tilrår difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek initiativ til følgjande tiltak:

1. Ferdigstiller arbeidet med å utgreie eigarstruktur.
2. Utarbeider ein felles eigarstrategi for selskapet (dersom ein ikkje vel å dele selskapet).
3. Syter for at representantskapsmedlemmane deltek i eigarmøta.
4. Reviderer og vedtar ny selskapsavtale, og under dette tydeleggjer føremålet med selskapet.
5. Reviderer og vedtar nye leigeavtalar, inkludert avtale om fordeling av driftsoppgåver. Under dette også klargjer kva som skal reknast som framleige.
6. Reviderer og vedtar ein avtale om areal- og kostnadsfordeling som er basert på faktisk bruk av areala, inkludert framleige.
7. Følgjer opp at selskapet setter i verk tiltak for å betre samhandlinga mellom leigetakarane og selskapet.
8. Følgjer opp at selskapet gjer ei ny vurdering av MVA-plikta
9. Klargjer og eventuelt avtalesfestar korleis overføring av tomtar skal skje, særleg det som gjeld festetomter og kva konsekvensar det har for betaling av festeavgift (om det ikkje inngår i ein ny selskapsavtale).

Innhold

| | |
|---|----|
| Samandrag | 3 |
| 1. Innleiing | 7 |
| 2. Om selskapet | 9 |
| 3. Selskapsavtalen | 13 |
| 4. Samarbeid | 17 |
| 5. Inntekter og utgifter | 26 |
| 6. Konklusjon og tilrådingar | 34 |
| Vedlegg 1 : Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune | 36 |
| Vedlegg 2 : Høyringsuttale frå Trivselshagen IKS | 39 |
| Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur | 40 |

Detaljert innholdsliste

| | |
|--|----|
| Samandrag | 3 |
| 1. Innleiing | 7 |
| 1.1 Bakgrunn | 7 |
| 1.2 Føremål og problemstillingar | 7 |
| 1.3 Avgrensing | 7 |
| 1.4 Metode | 7 |
| 1.5 Kriterium | 8 |
| 2. Om selskapet | 9 |
| 2.1 Innleiing | 9 |
| 2.2 Eigarskap | 9 |
| 2.3 Føremål | 9 |
| 2.4 Administrasjon | 10 |
| 2.5 Økonomi | 10 |
| 2.6 Evaluering av selskapet – Vidsyn rapporten | 11 |
| 2.7 Roller | 12 |
| 3. Selskapsavtalen | 13 |
| 3.1 Problemstilling | 13 |
| 3.2 Revisjonskriterium | 13 |
| 3.3 Datagrunnlag | 13 |
| 3.4 Vurdering | 16 |
| 4. Samarbeid | 17 |
| 4.1 Problemstilling | 17 |
| 4.2 Revisjonskriterium | 17 |
| 4.3 Struktur for samhandling | 18 |
| 4.4 Avtalar | 22 |
| 5. Inntekter og utgifter | 26 |
| 5.1 Problemstilling | 26 |
| 5.2 Revisjonskriterium | 26 |
| 5.3 Datagrunnlag | 27 |
| 5.4 Vurdering | 32 |
| 6. Konklusjon og tilrådingar | 34 |
| Vedlegg 1 : Høyringsuttale | 36 |
| Vedlegg 2 : Sentrale dokument og litteratur | 40 |

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein selskapskontroll av Trivselshagen IKS. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i sak nr. 15/19, 01.04.2019.

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen er plan for selskapskontroll 2016-2020 der selskapskontroll av Trivselshagen IKS er prioritert som nummer 3.

I tillegg har styret i selskapet fått gjennomført ei evaluering av selskapet som syner fleire utfordringar knytt til selskapet, mellom anna knytt til rolleforståing og samhandling mellom aktørane som er involvert i selskapet. Det blir vidare vist til at:

- Selskapet er ikkje lenger eit eigedomsselskap, men ein hybrid med både eigedomsforvaltning og drift av fleire tenester og innhald
- Driftsutgifter blir ført på selskapet (og fordelt mellom eigarane), medan inntekter slik som framleige av areal går til ein av eigarane (Gloppen kommune)

Rapporten tilrår at «kontrollutvala etterprøver selskapsavtalen, kostnads og inntektsfordeling m.m.»

Med bakgrunn i denne tilrådinga bestilte kontrollutvalet i Sogn og Fjordane ein selskapskontroll av selskapet.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å gjere ei vurdering om selskapsavtalen blir etterlevd, om det er etablert tilfredsstillande samhandling mellom partane, og om kostnads- og inntektsfordelinga i selskapet er gjort i samsvar med regelverk og avtalar mellom eigarane.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

10. I kva grad er selskapsavtalen i samsvar med regelverket og blir denne etterlevd i praksis?
 - a) Er selskapsavtalen i samsvar med krava i lov om interkommunale selskap?
 - b) Er drifta i selskapet i samsvar med føremålet og andre bestemmingar i selskapsavtalen?
11. I kva grad fungerer samarbeidet mellom eigarane og selskapet og mellom eigarane tilfredsstillande?
 - a) I kva grad er det etablert ein tydelig struktur for samhandling både knytt til eigarstyring og driftsoppfølging?
 - b) Er det inngått tilstrekkeleg med avtalar for å regulere forholdet mellom selskapet og eigarane, og mellom eigarane?
12. I kva grad blir inntekter og utgifter knytt til selskapet si drift ført i samsvar med regelverk og inngåtte avtalar?

1.3 Avgrensing

Dette er ein selskapskontroll knytt til utvalde problemstillingar. Det er ikkje ein del av mandatet å sjå på alle forhold knytt til Sogn og Fjordane si eigarstyring av selskapet.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM) og rettleiar for gjennomføring av selskapskontroll utarbeidd av NKRF.¹

¹ Norges Kommunerevisorforbund (NKRF): Selskapskontroll – fra a-å ("Praktisk veileder"), utarbeidd 2010.

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet mai 2019 til september 2019.

1.4.1 Dokumentanalyse

Dokumentasjon og kjeldemateriale knytt til kommunen si eigarstyring og selskapet si drift er blitt samla inn og analysert. Innsamla kjeldemateriale er blitt vurdert opp mot kontrollkriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju representantskapsleiar, styreleiar og dagleg leiar. I tillegg er bygge- og eigedomssjef i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturhusleiar og rådmann i Gloppen kommune intervju. Til saman er det intervju seks personar.

1.4.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervju for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Rapporten er sendt til selskapet og fylkeskommunen for verifisering og høyring. Også Gloppen kommune har fått rapporten til gjennomsyn og høve til å gi tilbakemelding på rapporten. Eventuelle faktafeil er retta opp i den endelege versjonen. Høyringsuttalane er lagt ved den endelege rapporten.

1.5 Kriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som revisjonsobjektet blir vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er kriteria i hovudsak henta frå lov om interkommunale selskap. I tillegg er relevante avtalar, styringsdokument og vedtak nytta som revisjonskriterium. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema.

2. Om selskapet

2.1 Innleiing

Trivselshagen IKS er eigd av Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune (50 % kvar). Selskapet blei oppretta i 2007. Selskapet er registrert med hovudbransje «81109 - Andre kombinerte tjenester tilknyttet eiendomsdrift».

Trivselshagen er ei lokal klynge som består av Firda vidaregåande skule, Gloppen ungdomsskule og Nordfjord folkemuseum. Trivselshagen Bad og Idrett (inkl. Firdahalen) og Trivselshagen Skule og Kultur utgjer til saman ca. 14.500 kvm eigedomsmasse til ein investeringsverdi på ca. 300 millionar.

Selskapet si inntekt består av leigeinntekter frå dei to eigarane, Sogn og Fjordane fylkeskommune (6,7 millionar i 2018) og Gloppen kommune (12 millionar i 2018).

Skule- og kulturbygget består av 4.500 kvm og inneheldt kultursal, dansesalar, dramasalar, kulturskule, videokonferanserom, klasserom, lærarrom, lydrom, kino, bibliotek, kantine og kiosk og kontor. Bad- og Idrettsbygga består av 10.000 kvm og inneheldt fleirbrukshallar med baner til handball, volleyball, fotball, innebandy, basketball, badminton og tennis samt turnhall, løpebaner, klatrehall og basseng.

Skule- og kulturdelen av Trivselshagen stod ferdig i midten av november 2008 og opna januar 2009. Badeanlegg, turnhall og kontorlokale blei teke i bruk sommaren 2012. Tredje og siste del av utbygginga med idrettshall og klatrevegg opna hausten 2013.

2.2 Eigarskap

Selskapet blei skipa i 7. mars 2007 etter vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunestyret i Gloppen kommune. Selskapet blei registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund 19. november 2007. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune har kvar skote inn eigarinnskot på 47,1 millionar kroner. Representantskapet for perioden 2015 – 2019 består av fire representantar med sine personlege varamedlemmar.

2.3 Føremål

Føremålet for selskapet som er registrert er:

Planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabiliteringa av Firdahallen.


Trivselshagen IKS leiger ut lokale til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar dei leigde lokala i undervisningssamanheng til vidaregåande opplæring på Firda vidaregåande skule. Gloppen kommune nyttar også dei leigde lokala i eigen undervisningsverksemd ved ungdomsskulen og kulturskulen. I tillegg nyttar Gloppen kommune dei leigde lokala til å tilby det offentlege symjehall, klatrehall, kino, kiosk og treningssenter mot brukarbetaling. Gloppen kommune framleiger også lokala til friviljuge og ålmennyttige organisasjonar.

Selskapet skriv i årsmeldinga 2018 at hovudmålet med eigedomsdrifta er å ta vare på Trivselshagen IKS sine eigedomar og la brukarane kome til formålstenlege lokalitetar gjennom kostnadseffektiv drift og verdibevarande vedlikehald.

Trivselshagen IKS har etablert ein eigen driftsorganisasjon som tek seg av forvaltning, drift og vedlikehald. I drift av eigedomane inngår tenester innan beredskap, reinhald og badevakt.

2.4 Administrasjon

Selskapet har 12 tilsette i varierende stillingsstorleik; dagleg leiar og 11 øvrige tilsette driftsteknikarar, badevakter og reinhaldspersonale. Organisasjonsstruktur og bemanning er som følgjer:



Kjelde: Årsmelding 2018

2.5 Økonomi

Trivselshagen IKS er ikkje sett som skattepliktig då selskapet ikkje har erverv til føremål. Selskapet er frivillig registrert i Meirverdiavgiftsregisteret. Selskapet har ekstern rekneskapsfører, Accountor Gloppen, som tek seg av bokføring, fakturering, løn og rapportering. Kommunerevisjonen i Nordfjord er revisor for selskapet.

Under er utdrag frå selskapet sine rekneskap for åra 2017 og 2018:

Tabell 1: Nøkkeltal Trivselshagen IKS

| Rekneskap | 2018 | 2017 |
|--------------------------|-------------|-------------|
| Driftsinntekter | 19 788 980 | 18 802 000 |
| Driftskostnader | 17 812 942 | 15 856 023 |
| Driftsresultat | 1 975 756 | 2 946 102 |
| Finansinntekter | 258 678 | 211 011 |
| Finanskostnader | 1 772 866 | 1 155 436 |
| Årsresultat | 461 568 | 2 001 677 |
| Sum egenkapital og gjeld | 222 947 562 | 224 464 097 |
| Langsiktig gjeld | 103 840 630 | 107 191 200 |

Trivselshagen IKS har i 2017 og 2018 hatt overskot på høvesvis 2 001 677 og 461 567. Representantskapet har i samband med handsaminga av rekneskapane vedteke å setje overskota av til egenkapital. I standen for å tilbakebetale det som reelt sett er for mykje innbetalt husleige, har eigarane valt å setje av overskotet for å nytta det til ekstra vedlikehald. Tilsvarande er og gjort tidlegare år.

2.6 Evaluering av selskapet – Vidsyn rapporten

Representantskapet bestilte i møte 8. juni 2018 ei utgreiing av organisasjonsstruktur for Trivselshagen IKS. Bakgrunnen for bestillinga var at eigarane opplevde at det var utfordringar knytt til drifta i selskapet og ønskte å få dette nærare vurdert. Representantskapet bad difor styret om å sette i gong eit arbeid med ei utgreiing av selskapet.

Styret ga Vidsyn Rådgivning AS ved Jan Øhlckers i oppdrag å gjennomføre utgreiinga av selskapet. Representantskapet godkjente mandatet. Både representantskapsleiar og styreleiar opplyser om at bestillinga av utgreiinga kan ha vore noko uklar og at mandatet difor ikkje spegla heile intensjonen bak vedtaket. Likevel er ein samd om at rapporten med dei påpeikingar som er gjort er viktige og må følgjast opp.

Vidsyn-rapporten blei ferdigstilt i desember 2018. I rapporten blir det peikt på ei rekke utfordringar i selskapet knytt til eigarstyring, økonomi, samarbeidsklima, kostnads- og inntektsfordeling m.m. Rapporten konkluderer med 21 tilrådingar. Selskapet har fått i oppdrag å følge opp dei tilrådingar som ligg i rapporten. Rapporten omhandla i mindre grad det som gjaldt sjølve eigarstrukturen og eventuelle alternativ til dagens eigarstruktur. I intervju med representantskapsleiar blir det vist til at intensjonen bak bestillinga i utgangspunktet også omfatta dette, men at representantskapet nok kunne ha vore meir tydeleg på kva som var ønska av denne utgreiinga.

Vidsyn-rapporten blei handsama i Fylkesutvalet 6. mars 2019 og utvalet gjorde slikt vedtak i saka:

1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.
2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik blir retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettvis måte i samsvar med intensjonen. Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjett rapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.

Vedtaket om utgreiing av alternative organisasjonsmodellar blei følgt opp, og det blei bestilt ei utreiing. I oppstart av prosjektet blei mandatet også utvida til å omfatte ei vurdering av korleis Trivselshagen IKS kan gjerast om til eit reint eigedomsselskap, samt å estimere økonomiske konsekvensar knytt til dette alternativet. PWC fekk i oppdrag å gjennomføre prosjektet. Rapporten var klar 29. mai 2019.

Rapporten blei lagt fram for fylkesutvalet i sak 63/19, juni 2019 og fylkesutvalet vedtok at:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tinge med Gloppen kommune om ein alternativ organisasjonsmodell med sikte på å oppløyse selskapet, dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at styret i selskapet fortset sitt arbeid med å gjennomføre tilrådde tiltak i rapport frå Vidsyn Rådgjeving AS av 1. desember 2018 med frist til 15. august 2019.

I eigarmøte 15. juni 2019 la styret fram selskapet sin plan for oppfølging for dei 21 tilrådingane i Vidsyn-rapporten. Alle tiltak har framlegg til løysing innanfor eksisterande selskapsmodell med føresetnad om framhald av felles eigarskap av anlegga som i dag. Det går fram av referatet frå eigarmøtet at eigarane er samde om å gå vidare for å finne ei løysing der ein særleg ser på kostnadsfordeling, dialogplattform og eigarmodell. Gloppen kommune ønskjer eit nedskalert eigedomsselskap framfor dagens modell. Fylkeskommunen viser til vedtak i fylkesutvalet der det er to modellar som er drøfta; dagens modell eller delt eigarskap.

2.7 Roller

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune har fleire roller knytt til selskapet. Under har vi skissert dei ulike rollene:

| Kommunane | Gloppen kommune | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
|---------------------------------|---|---|
| Eigar | Kommunestyret v/2 representantskapsmedlemmar | Fylkestinget v/2 representantskapsmedlemmar |
| Val av styre og samansetting | Innstill 2 styrerepresentantar som blir valt av representantskapet | Innstill 2 styrerepresentantar som blir valt av representantskapet |
| Leigar og framleigar | Kommunen v/administrasjonen leiger bygget og kan framleige til andre. Det er berre Gloppen kommunen som driv med framleige. | Fylkeskommunen v/administrasjonen leiger bygget og kan framleige til andre. Det er berre Gloppen kommunen som driv med framleige. |
| Sluttbrukar (og framleigetakar) | Kommunen v/ kulturskolen, kino, bad og idrett, med fleire | Fylkeskommunen v/Firda vidaregåande skule |

3. Selskapsavtalen

3.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad er selskapsavtalen i samsvar med regelverket og blir denne etterlevd i praksis?

- Er selskapsavtalen i samsvar med krava i lov om interkommunale selskap?
- Er drifta i selskapet i samsvar med føremålet og andre bestemmingar i selskapsavtalen?

3.2 Revisjonskriterium

Trivselshagen IKS er eit interkommunalt selskap oppretta i medhald av lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap. Lov om interkommunale selskap § 4 krev at det for selskapet blir oppretta ein skriftleg selskapsavtale som skal vedtakast av samlege deltakarar. For kommunar og fylkeskommunar som selskapsdeltakarar må avtalen vedtakast av høvesvis kommunestyret og fylkestinget.

Vidare stiller lov om interkommunale selskap § 4 visse minstekrav til selskapsavtalen sitt innhald. Selskapsavtalen må i det minste angje:

1. selskapets foretaksnavn
2. angivelse av deltakerne
3. selskapets formål
4. den kommune der selskapet har sitt hovedkontor
5. antall styremedlemmer
6. deltakernes innskuddsplikt og plikt til å foreta andre ytelser overfor selskapet
7. den enkelte deltakers eierandel i selskapet og den enkelte deltakers ansvarsandel i selskapet dersom denne avviker fra eierandelen
8. antall medlemmer av representantskapet og hvor mange medlemmer den enkelte deltaker oppnevner
9. annet som etter lov skal fastsettes i selskapsavtalen.

Føremålet til selskapet går fram av selskapsavtalen § 3:

Selskapet sitt føremål er planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabiliteringa av Firdahallen.

Revisjonskriteria knytt til bestemmingar i selskapsavtalen er referert til undervegs i datagrunnlaget.

3.3 Datagrunnlag

3.3.1 Gjeldande selskapsavtale

Den opphavlege selskapsavtalen for Trivselshagen IKS blei utarbeidd i samband med etableringa av selskapet, og underteikna første gang den 7. mars 2007. Avtalen er vedteken av fylkestinget for Sogn og Fjordane fylkeskommune og av kommunestyret for Gloppen kommune.

Selskapsavtalen oppfyller alle minstekrava i lov om interkommunale selskap.

Selskapsavtalen har sidan den blei etablert vore gjenstand for fleire revideringar som er vedtekne av kommunestyret og fylkestinget fortløpande. Dei vedtekne revideringane har vore knytt til auke av eigarinnkot, endring av rekneskapsprinsipp, utviding av låneramme, godkjenning av lånefinansiering, samt ei mindre justering av bestemming om styresamansetnad og -val. Oversikt over revideringane er lagt ved gjeldande selskapsavtale som eit avtaletillegg.

3.3.2 Samsvar mellom selskapsavtale og drift

Undersøkinga viser at det er ulike oppfatningar om kor vidt dagens drift av Trivselshagen IKS er i samsvar med gjeldande selskapsavtale. Dette gjeld særleg formuleringa i selskapsavtalen om føremål med selskapet, samt det som gjeld innskotsplikt og fordeling av driftskostnader og -inntekter.

Selskapsavtalen § 3 - Føremål

Det er mellom dei som er intervjua til dels ulike syn på korleis føremålsbestemminga i selskapsavtalen § 3 skal tolkast. Føremålsbestemminga har so langt ikkje blitt endra sidan etablering av Trivselshagen IKS i 2007, og lyder som følgjer:

Selskapet sitt føremål er planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabilitering av Firdahallen.

Det er ulike tolkingar av formuleringa « ... planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe..» Både dagleg leiar i selskapet og representant for Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det i denne formuleringa ligg at selskapet skal ha eit driftsansvar. Dagleg leiar i Trivselshagen IKS opplyser om at føremålet i praksis er tolka slik at selskapet skal levere nøkkelklare bygg, altså bygg som er klare til bruk. Dette inkluderer også driftstenester knytt til mellom anna oppvarming, luftkvalitet, reinhald, m.m., samt badevakttenester knytt til bassenganlegget. Bygge- og eigedomssjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein langt på veg samanfallande oppfatning og viser til at selskapet er definert som eit eigedomsselskap som fyrst og fremst skal utvikle og forvalta eigedom, men også yte tenester knytt til reinhald og teknisk drift. Han viser likevel til at badevakttenester i utgangspunktet ligg utanfor denne definisjonen. Han opplever difor at omgrepet «eigedomsselskap» har blitt strekt temmeleg langt når selskapet også yt slike tenester.

Representantar for Gloppen kommunen les formuleringa i føremålet som at det er drifta av felles prosjekt for å skaffe arealet som er omtalt, ikkje ei drift i etterkant av at bygga er klare til bruk. Mellom anna viser rådmann i Gloppen kommune at selskapet opphavleg blei oppretta for å stå for utbygginga av anlegget, men at selskapet blei vidareført ved ferdigstilling, delvis som eit driftsselskap. Det blei ikkje gjort noko ny vurdering av føremålet eller kva som skulle ligge til drifta i selskapet. Overgangen skjedde meir eller mindre automatisk, utan at det i utgangspunktet var lagt opp til ei slik vidareføring av selskapet eller at det blei drøfta kva som skulle omfattast av tenester.

Den ulike tolkinga av kva som ligg i føremålet har også hatt betydning for kva dei to eigarane har gitt uttrykk for når det gjeld framtidig organisering av selskapet (sjå kapittel 2).

I eit forslag til revidert selskapsavtale som er førelagt revisjonen er det ikkje føreslege endringar til selskapet sitt føremål i § 3.

Selskapsavtalen § 4 - Innskotsplikt

I samsvar med krav i lov om interkommunale selskap § 4 er det teke inn ei bestemming om selskapsdeltakarane si innskotsplikt i selskapsavtalen § 4. Av bestemminga bokstav a) framgår det at deltakarane kvar skal gjere innskot på NOK 47 100 000.

Vidare går det fram av selskapsavtalen § 4 bokstav b) at partane skal gjere slike realinnskot i Trivselshagen IKS:

Overføring av Firdahallen frå fylkeskommunen: 15 mill. kr
Overføring av tomtegrunn frå kommunen etter utbygginga er ferdig
Overføring av tomtegrunn frå fylkeskommunen etter utbygginga er ferdig

Det kjem i intervju fram at fylkeskommunen si plikt til overføring av Firdahallen til Trivselshagen IKS er overheldt ved at eigedommen blei erklært overdrege i erklæring datert 3. mars 2009. Dette er også lagt til grunn i rapport frå Vidsyn Rådgivning AS. Revisjonen har etterspurt erklæringa, men denne er ikkje lagt fram for revisjonen. Revisjonen presiserer at grunnboksheimel til eigedomen ikkje er overført til selskapet.

I intervju kjem det fram dels ulike oppfatningar av korleis Firdahallen sin realverdi, NOK 15 000 000, er avrekna mot eigarane si plikt til kontantinnskot. Rådmann og kultursjef i Gloppen kommune oppfatar at

deltakarane hadde lik innskotsplikt etter selskapsavtalen, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skaut inn Firdahallen som realverdi og fekk tilsvarende frådrag i plikta til kontantinnskot, slik at innskotet i Trivselshagen IKS blei like stort for begge paratar. Bygge- og eigedomssjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune oppfattar derimot at eigedomen blei skote inn som realverdi i tillegg til fylkeskommunen sitt kontantinnskot, og at dette blei gjort som eit bidrag for positiv utvikling av skulen og regionen. Denne oppfatninga er også lagt til grunn i Vidsyn-rapporten. Revisjonen har ikkje motteke dokumentasjon som gjer det mogleg å fastsette kva som gjort.

Når det gjeld føresetnaden i selskapsavtalen § 4 bokstav b) om at begge deltakarane skal overføre tomtegrunn til selskapet, er ikkje denne overheldt korkje av fylkeskommunen eller kommunen. Tomtegrunnen som Trivselshagen nyttar har p.t. fleire eigarar. Delar av tomten er det fylkeskommunen² og kommunen³ som eig. Andre delar av tomtegrunnen er delt mellom fleire private eigarar der Gloppen kommunen er festar⁴ (sjå kapittel 5, side 30 med omsyn til festeavgift). Revisjonen har fått opplyst i intervju at dette mellom anna skuldast høge transaksjonskostnader og utfordringar knytt til eigartilhøve ved eventuelle overføringar, samt at eigarane er samde om at det ikkje er noko i vege for at dei sjølv står som formell eigar av grunneigedomane. Dette blir stadfesta i eit internt notat frå november 2010 som det også er vist til i Vidsyn-rapporten.

I forslag til ny revidert selskapsavtale § 4 (som ikkje er vedteke) er følgande bestemming teke inn:

Deltakarane har gjort innskot i selskapet i kontante midlar i samsvar med tidlegare selskapsavtala(r).

Deltakarane er samde om at bygningsmassen som går inn i selskapets drift og ansvar (Trivselshagen bad & idrett + Trivselshagen skule & kultur) vert eigd av selskapet. Dette gjeld også den gamle Firdahallen.

Bygningsmassen til selskapet strekkjer seg over fleire ulike eigedomar som deltakarane eig/disponerer. Deltakarane har som mål å formalisera selskapet sine rettar til dei aktuelle eigedomane, anten ved å inngå festeavtalar og/eller ved å dela frå og skøyta over grunnen til selskapet. Deltakarane skal samarbeida for å gjennomføra dette.

Selskapsavtalen § 6 – Driftskostnader og driftsinntekter

Driftskostnader og driftsinntekter blir handsama særskilt i kapittel 5 i denne rapporten, men vi vil likevel kort omtale dette temaet her også.

I selskapsavtalen § 6 er det teke inn følgande bestemming:

Det skal inngåast avtalar mellom selskapet og deltakarane om bruken av areala og fordeling av årlege driftskostnader, dvs. kapitalkostnader, drift, vedlikehald m.v. i samsvar med årleg bruksomfang. Lov om rekneskap som ligg til grunn for rekneskapsføringa i selskapet frå d.d.. (endra i sak 4/17)

Driftsinntektene går til selskapet dersom ikkje anna vert avtala med deltakarane.

Det er ikkje inngått ein avtale mellom selskapet og deltakarane om bruken av areala og fordeling av årlege kostnader i samsvar med årleg bruksomfang, slik selskapsavtalen krev. Det er utarbeidd ein funksjonsplan basert på ein bruksfrekvens som blei stipulert, datert 30. desember 2008.

Det er denne planen som ligg til grunn for fordeling av kostnader mellom leigetakarane. Innhaldet i funksjonsplanen, under dette føringar for fordeling av areal, brukstid og driftskostnader mellom leigetakarane blir næmare behandla i kapittel 4 og 5 i denne rapporten.

I intervju blir det vist til at selskapet og brukarane ikkje er samde i om bruks- og arealplanen som ligg til grunn for fordeling av kostnader er rett med omsyn til kva som er faktisk bruk av arealet mellom leigetakarane i dag. Det blei oppretta ei evalueringsgruppe for å arbeide med eit nytt grunnlag for berekning av bruk av arealet. Selskapet ved dagleg leiar har lagt fram nytt forslag til areal- og bruksfordeling, men denne er ikkje godkjent. Det blir vist til at leigetakarane og brukarane ikkje har blitt tilstrekkeleg involvert i prosessen, slik at grunnlaget for fordeling ikkje er godt nok forankra i faktisk praksis blant brukarane.

² gbnr. 74/72

³ gbnr. 74/39 og gnr. 77, bnr. 116, 324, 451, 458 og 623

⁴ gbnr. 74/152, 74/1, 74/32

Det blir presisert i selskapsavalen at driftsinntektene går til selskapet dersom ikkje anna blir avtale med deltakarane. I praksis er dette ikkje tilfelle. Driftsinntekter både knytt til badeanlegg og knytt til framleige går til Gloppen kommune, og ikkje til selskapet. Det er ikkje utarbeidd egne avtalar på dette. (Dette vil bli nærare omtalt i kapittel 4).

Revisjonen merkar seg at det er iverksett prosessar for å avtaleregulere driftstenestene knytt til bassenganlegget, og har blitt førelagt utkast til avtale om sal av badevakttenester mellom Trivselshagen IKS som tenesteytar og Gloppen kommune som kjøpar.

3.3.3 Ny selskapsavtale

Dagleg leiar i Trivselshagen IKS har fått utarbeidd forslag til revidert selskapsavtale. Dei føreslegne endringane er baserte på tilrådingar frå Vidsyn Rådgivning AS og inkluderer:

- Endra føretaksnamn til THEigedom IKS.
- Omformulering av deltakarane si innskotsplikt.
- Bestemming om valkomité, valkomiteen sine oppgåver og ansvar, samt samansetnad og val av valkomité.
- Endring av talet på styremedlemmar frå fire til fem medlemmar.
- Oppdatering av uttreddings-/utgangsbestemming med angjeving av frist for utbetaling av utløyingsssum.

Forslaget til revidert selskapsavtale er har blitt orientert om, men ikkje drøfta eller vedteken av eigarane.

3.4 Vurdering

Selskapsavtalen (både gjeldande og revidert utgåve) er i samsvar med lov om interkommunale selskap. Revisjonen meiner likevel at ein kan stille spørsmål om føremålet til selskapet er skildra tilstrekkeleg eintydig, og om dette kan ha gitt rom for ulike tolkingar med omsyn til kva selskapet skal omfatte. Dette gjeld særleg spørsmålet om selskapet skal vere eit avgrensa/reint egedomselskap utan driftsoppgåver eller om det også skal ligge ein del driftsoppgåver i selskapet. Ordlyden av førmålsbestemminga i § 3 er etter revisjonen si vurdering vid og opnar for at eit breitt spekter av arbeidsoppgåver kan leggest til selskapet, så lenge desse gjeld planlegging, bygging, eige og drift. Reint språkleg er bestemminga difor ikkje til hinder for at selskapet også kan yte mellom anna badevakttenester. Føremålet kan samstundes lesast til å vere avgrensa til å gjelda eit «felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. (...)». Dersom formuleringa «eit felles prosjekt for å skaffe» blir lese strengt, kan den tolkast som at partane opphavleg hadde ein føresetnad om at selskapet sitt virke skulle avgrensast til etablering og anskaffing av anlegga i Trivselshagen. Etter føremålsbestemminga å døma kan det difor synast som om selskapet har nådd målet, all den tid etablerings- og anskaffingsfasen no er overstått. Føremålet kan etter revisjonen si vurdering difor bli forstått i begge retningar. Uavhengig av kva for organisering som blir beslutta med omsyn til framtidig fordeling av driftsoppgåver, er det revisjonen si oppfatning at førmålsbestemminga i selskapsavtalen § 3 bør oppdaterast, slik at denne tydelegare reflekterer eigarane si oppfatning av selskapet sitt føremål, oppgåver og ansvar.

Når det gjeld føresetnaden i selskapsavtalen § 4 bokstav b) om at begge deltakarane skal overføre tomtegrunn til selskapet, er ikkje denne overheldt korkje av fylkeskommunen eller kommunen. Revisjonen har fått opplyst i intervju at dette mellom anna skuldast høge transaksjonskostnader ved eventuelle overføringar, samt at eigarane er samde om at det ikkje er noko i vegen for at dei sjølv står som formell eigar av grunneigedomane. Dette er ikkje i samsvar med gjeldande selskapsavtale. Revisjonen merkar seg at det i forslag til ny selskapsavtale blir stadfesta at bygningsmassen som går inn i selskapet blir eigd av selskapet, samt at selskapet har som mål å formalisera selskapet sine rettar til dei aktuelle eigedomane, anten ved å inngå festeavtalar og/eller ved å dela frå og skøyta over grunnen til selskapet.

Det er revisjonen si vurdering at manglande avtalar om bruks- og arealfordeling ikkje er i samsvar med selskapsavtalen. Det er heller ikkje i samsvar med selskapsavtalen at driftsinntekter tilfell ein av deltakarane når dette ikkje er særskilt avtalt. Selskapet må difor etter revisjonen si vurdering kartlegge og etablere årleg bruksomfang mellom deltakarane og på bakgrunn av dette formalisere og inngå avtalar om korleis driftsinntekter og –kostnader skal fordelast, slik det er kravd i selskapsavtalen § 6. Avklaring av kva driftstenester som skal ligge til selskapet vil vere ein sentral del av dette arbeidet. (Dette temaet blir vidare omhandla i kapittel 4 og 5)

4. Samarbeid

4.1 Problemstilling

Her vil følgjande problemstilling med underproblemstillingar bli undersøkt:

I kva grad fungerer samarbeidet mellom eigarane og selskapet og mellom eigarane tilfredsstillande?

- I kva grad er det etablert ein tydelig struktur for samhandling både knytt til eigarstyring og driftsoppfølging?
- Er det inngått tilstrekkeleg med avtalar for å regulere forholdet mellom selskapet og eigarane, og mellom eigarane?

4.2 Revisjonskriterium

Lov om interkommunale selskap

Lov om interkommunale selskap (intkomsel.) omhandlar selskap der alle deltakarane er kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap. Alle deltakarar i det interkommunale selskapet skal ha minst ein representant i representantskapet (jf. intkomsel. § 6 første ledd). Det er eigar som oppnemner sine representantar. Det skal oppnemnast minst like mange varamedlemmar som faste medlemmar. Viss ikkje anna er fastsatt i selskapsavtalen, vel representantskapet sjølv sin leiar og nestleiar.

Eit interkommunalt selskap skal ha eit styre på minst tre medlemmar. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande. Styremedlemmane blir valt av representantskapet. Representantskapet vel leiar og nestleiar til styret med mindre det er fastsett i selskapsavtalen at valet blir gjort av styret sjølv.

Forvaltninga av selskapet høyrer under styret (jf. § 13), som har ansvar for ei tilfredsstillande organisering av selskapet si verksemd. Styret skal sjå etter at verksemda blir drive i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner fastsatt av representantskapet, og skal sørge for at bokføringa og formuesforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll. Styret skal føre tilsyn med daglig leiar si leiing av verksemda. Daglig leiar er ansvarleg for den daglige leiinga av selskapet og skal følgje dei retningsliner og pålegg som styret har gjeve (jf. § 14).

KS sine tilrådingar for kommunal eigarstyring

KS har fastsett 21 tilrådingar for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal og fylkeskommunal sektor. KS tilrår at det blir utarbeidd **eigarskapsmeldingar** «Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.» Vidare tilrår KS at kommunen bør ha ein open og klart uttrykt **eigarstrategi** for sitt eigarskap i ulike selskap. KS viser til at det kan vere hensiktsmessig å utarbeide eit slikt styringsdokument m.a. for å underbygge vedtektene og reguleringa av styringa, samt for å sikre bevisst eigarstyring og søke openheit og gjennomsiktighet i kommunal tenesteproduksjon når den er organisert i selskap. Det blir også presisert at «Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.»

KS tilrår at kommunestyret som hovudregel bør utnemne sentrale folkevalte som eigarrepresentantar i **eigarorganet**, for å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom kommunestyret og eigarorganet. KS understreker at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet. I tillegg tilrår KS at ein held jamlege **eigarmøte** for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet. KS understreker likevel at:

Et eiermøte er ikke lovregulert og er bare en uformell arena der det ikke skal treffes vedtak. I tillegg bør det ikke legges føringer eller «gis signaler» i eiermøtene som kan anses å gripe inn i styrets myndighetsområde. Eiermøtene er uforpliktende for eierne og for selskapet.

4.3 Struktur for samhandling

4.3.1 Datagrunnlag

Samhandling mellom eigarane

Eigarmelding og eigarstrategi

Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune har etablert eigarmeldingar som omfattar Trivselshagen IKS. Fylkeskommunen handsama eigarmeldinga sist i fylkestinget 19. oktober 2018. Gloppen kommunen handsama si eigarmelding sist i kommunestyret i juni 2018.

I eigarmeldinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune går det fram at:

Det er føremålstenleg at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar overfor enkelte selskap, slik at selskapa kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig, innanfor rammene som føremålet med eigarskapen set. Dette må vurderast konkret for kvart selskap. Eigarstrategien må vere i samsvar med føremålet til verksemda. Omfanget av ein slik eigarstrategi er også avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behov for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkurranseregelverket.

Eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.

I eigarmeldinga til fylkeskommunen blir også eigarskapen i Trivselshagen IKS skildra. Informasjon om selskapet, føremålet med eigarskapen, nøkkeltal og viktige hendingar kjem fram. I meldinga for 2018 blei det også tilrådd å vidareføre eigarskapen. Det er ikkje utarbeidd ein felles eigarstrategi for Trivselshagen IKS mellom dei to eigarane (og heller ikkje kvar for seg) utover det som går fram av dei overordna eigarskapsmeldingane.

I intervju blir det vist til at dei to eigarane har gitt uttrykk for ulike syn med omsyn til kva selskapet skal vere. Det blir vist til at Gloppen kommunen har ønska at selskapet skal nedskalrast til eit reint eigedomsselskap med eit minimum av driftsfunksjoner. For Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje ei slik nedskalering vore ønskeleg og det blir i staden peika på at det må enten finnast ei løysing innanfor dagens modell, eventuelt må deling av eigarskapen vurderast. Begge eigarane viser til at det i Vidsyn-rapporten blir tilrådd å etablere eit «meir tydeleg eigedomsselskap». Medan Gloppen kommune tolkar dette som ei nedskalering av selskapet, peikar representant frå Sogn og Fjordane fylkeskommunen på at eit «meir tydeleg eigedomsselskap», er noko anna enn eit «reint» eigedomsselskap. I staden kan ein forstå tilrådinga slik at det er visse enkeltkostnader som i dag ligg i selskapet, som til dømes kostnadene for badevakttenester, som bør takast ut av deltakarane si kostnadsfordeling (sjå kap 5 for meir om dette). Desse to ulike oppfatningane av kva selskapet skal omfatte er også spegla i referat frå eigarmøte 15.8.2019 der det går fram at

Rådmannen i Gloppen kommune ønskjer eit nedskalert eigedomsselskap framfor dagens modell. Fylkeskommunen viser til vedtak i fylkesutvalet der det er to modellar som er drøfta; dagens modell eller delt eigarskap. (...)

Frå selskapet sin ståstad blir det vist til at det til tider kan vere utfordrande når eigarane gir ulike signal med omsyn til kva dei ønsker selskapet skal vere, og «når den eine eigaren trykker på gassen og den andre trekk i bremsen».

Representantskapet

Det er oppnemnt representantskap for Trivselshagen IKS. Representantskapet er selskapet sitt øvste eigarorgan og består av fire medlemmar, kvar med sin personlege varamedlem. Dei to eigarane vel kvar sine to representantar og vararepresentantar til representantskapet. Gloppen kommune sine representantar blir valt av kommunestyret, og Sogn og Fjordane sine representantar blir valt av fylkestinget. Dei fire representantane er folkevalte i sine kommunar.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Val av representantskap følgjer den (fylkes-)kommunale valperioden. Det har vore usemje mellom eigarane om korleis leiar og nestleiar i representantskapet skal veljast. I 2018 la representantane frå Gloppen kommune fram eit forslag om ei ordning der fylkeskommunen har dei to leiarposisjonane i representantskapet, medan kommunen har dei tilsvarande posisjonane i styret. Framlegget fall mot representantskapsleiaren si dobbeltrøyst, slik at ordninga er uendra.

Det blir gjennomført minimum to møte i representantskapet kvart år. I medhald av selskapsavtalen § 8 skal møta heldast innan 1. mai (vårmøtet) og 1. oktober (haustmøtet) kvart år. På det årlege vårmøtet blir årsmelding, rekneskap, val av styre, leiar og nestleiar, samt val av revisor, handsama. På haustmøtet blir budsjett og økonomiplan handsama. I tillegg kan representantskapet handsame saker som styret ønsker å legge frem for representantskapet, og andre saker som skal leggjast fram for representantskapet etter lov om interkommunale selskap. Det kan kallast inn til ekstraordinært representantskapsmøte ved behov.

Det er opplyst i intervju at alle formelle saker som skal handsamast i representantskapet blir handsama der.

Representantskapsleiar opplyser om at samarbeidet mellom eigarane har fungert godt i utvalet. Han opplever at det har vore eit aktivt representantskap. Det var mange nye medlemmar som blei valt inn ved førre val. Det går litt tid for alle å bli kjent med selskapet og rolla som representantskapsmedlem, men representantskapsleiar opplever at representantskapet er eit aktivt og styringsdyktig eigarorgan.

Eigarmøte

Revisjonen får opplyst i intervju at det tidlegare ikkje har vore haldt jamlege møte mellom eigarane, utover representantskapsmøta. Dette blei også peika på i Vidsyn-rapporten. Ei av tilrådingane i Vidsyn-rapporten var at:

Eigarmøte bør inn i fastare former. Styret og dagleg leiar i selskapet bør delta i eigarmøta. Styret bør kalle inn etter behov, men minst årleg og ved oppstart av budsjettarbeidet.

I intervju blir det vist til at det den siste tida har blitt haldt slike eigarmøte. Styreleiar i Trivselshagen IKS opplyser at det har blitt haldt minst tre eigarmøte i tida han har vore styreleiar. Det er skrive referat frå møta og revisjonen har fått tilsendt referat frå to av eigarmøta, i tillegg til referat frå eit informasjonsmøte med gjennomgang av Vidsyn-rapporten.

I intervju blir det vist til at den pågåande prosessen med omsyn til organisering av selskapet har skapt eit større behov for aktiv eigarstyring og slike eigarmøte. Det blir opplyst om at eigarmøta i større grad opnar for uforpliktande drøfting og meningsutveksling mellom partane, ettersom møta ikkje er tillagt formell vedtaksmynde.

I eigarmøta som er gjennomførte har representantar frå begge eigarane deltatt. Revisjonen merkar seg at det ikkje er dei same representantane som er valt til representantskapet som deltek i eigarmøta. I desse møta har Sogn og Fjordane fylkeskommune vore representert ved fylkesordførar og bygg- og eigedomssjef. Gloppen kommune har vore representert ved ordførar og rådmann. Selskapet har vore representert ved styreleiar, og i nokre tilfelle både styreleiar og dagleg leiar.

Representantskapsleiar viser til at han har meldt til fylkesordførar at medlemmane i representantskapet også må inkluderast i eigarmøta. Han gir uttrykk for at det vil vere nyttig og verdifullt med slike uformelle eigarfora for å få drøfta saker meir i detalj.

Også representantar frå selskapet peikar på at det er ei utfordring med to ulikt samansette eigarorgan. Det blir vist til at eigarsignala frå eigarmøta kan vere relativt tydelege utan at det same er tilfelle frå representantskapsmøtet. Det blir mellom anna peika på at representantar i representantskapet ikkje alltid har nok kjennskap til verksemda til å kunne drøfte aktuelle utfordringar inngåande i representantskapsmøta, og at slike drøftingar difor heller skjer i dei uformelle eigarmøta.

Det er ulike oppfatningar mellom eigarane om samhandlinga mellom dei har vore tilstrekkeleg fram til i dag. Det blir i intervju vist til at Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore opptatt av at dialogen mellom eigarane/selskapsdeltakarane skal gå gjennom selskapets formelle organ. Representantar frå Gloppen

kommune opplever at dette gjer det utfordrande for eigarane å sette seg ned i fellesskap for å diskutere praktiske løysingar. Til dømes viser rådmannen i Gloppen kommune til at kommunen ønskte eit møte med fylkeskommunen like etter Vidsyn-rapporten var klar. I møtet ville kommunen diskutere tilrådingane i rapporten og partane sitt samarbeid framover. Rådmannen oppfattar at fylkeskommunen ikkje ønska å delta i eit slikt møte, og at det var meir ønskeleg at selskapet sjølv skulle ta seg av oppfølginga av tilrådingane i rapporten. Slik rådmann i Gloppen kommune ser det, bør eventuelle usemje mellom kommunen og fylkeskommunen handterast etter dialog dei imellom, slik at dei kan komme til semje om overordna føringar.

Styret si oppfølging av selskapet

Det er oppretta eit styre for Trivselshagen IKS i samsvar med lov om interkommunale selskap § 10 flg. og selskapsavtalen § 9. Mandatet til styret er fastsett i selskapsavtalen § 9 første ledd og lyder som følgjer:

«Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, som har ansvaret for ein tilfredsstillande organisering av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer som vert fastsett av representantskapet. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.»

Per i dag består styret av fire medlemmar med personlege varamedlemmar, i samsvar med selskapsavtalen § 9 andre ledd. I framlagt utkast til ny selskapsavtale er det føreslege at kravet til talet styremedlemmer endrast til fem, slik det er tilrådd i rapporten frå Vidsyn. Styret, styreleiar og nestleiar blir valt av representantskapet for to år om gangen.

Dagens styre har vore operativt sidan 8. juni 2018. Styreleiar blei då valt til styret. Han blei innstilt av Gloppen kommunen, men var ikkje tilsett i kommunen. Han har heller ikkje tidlegare hatt noko rolle knytt til Trivselshagen IKS.

Fylkeskommunen har i dei uformelle eigarmøta fremja framlegg om å utvide styret til 5 personar. 2 frå kvar av eigarane, og ein ekstern styreleiar. Det framlegget meiner representantskapsleiaran at dei skal sjå nærare på.

Styreleiar opplyser at styret har brukt noko tid på å bli kjent med kvarandre og styret si rolle i selskapet, og understreker at det er viktig at styremedlemmane er trygge på kvarandre slik at saker kan diskuteras på en god og tillitsfull måte. Styreleiar oppfattar at styret fungerer godt som eit kollegialt organ.

Dagleg leiar opplever at styret er relativt aktivt. Det blir haldt styremøte minst seks gonger i året. Ettersom dagleg leiar ikkje er gitt noko vidare fullmakt enn det som blir gjeve i budsjettvedtaka er det styrebehandling av sak for sak og rekneskapsrapportering i kvart styremøte. Jamt over opplever dagleg leiar at styret er involvert i selskapet på ein god måte.

Samhandling knytt til drift av selskapet

Både representantskapsleiar og styreleiar understreker at dagleg leiar følgjer opp dei overordna føringane og styringssignala som blir gitt med omsyn til drifta i selskapet.

Styreleder opplyser vidare at styret har et godt forhold til den daglige leiinga i Trivselshagen IKS. Han opplever at dagleg leiar følgjer opp styret sine signal, og styreleiar deler dagleg leiar si oppfatning av viktigheita av å etablere gode formelle rammer for selskapet. Styreleiar meiner daglig leiar gjer ein god jobb med oppfølging av tilrådingane i Vidsyn-rapporten og etablering av ordna forhold i selskapet utan for stor grad av detaljregulering.

Det kjem fram i intervju at det før Vidsyn-rapporten var meldt inn ein klage frå leiarar og leigetakarar i Gloppen kommunen om at samarbeidet ikkje fungerte tilfredsstillande med dagleg leiar i Trivselshagen IKS. Dette er ei utfordring som gjeld bruk av bygget og korleis ein samhandlar og kommuniserer med kvarandre. Representantskapet er også orientert om dette, men både representantskap og styreleiar understrekar at dette er ei sak som blir følgt opp av styret og ikkje eigarane.

Det er fleire oppfatningar av kva som er bakgrunnen for desse problema. Men det blir mellom anna vist til at selskapet og oppgåvene som skulle løysast har utvikla seg raskt og ein ikkje har tatt seg god nok tid til å diskutere ulike roller og samhandlingsflater mellom selskapet og leigetakarane. Det blir vist til at nokre

brukarar av bygget opplever at dei ikkje blir tilstrekkeleg høyrte og involvert i relevante saker slik som til dømes utarbeiding av ny bruks- og arealfordeling, innkjøp av relevant utstyr med meir.

Styreleiar understreker at det er heilt avgjerande at partane løyser problema knytt til samarbeidet og at dei får sett i gang ein prosess for å forbetre tilhøva. Han understreker vidare at han har god kontakt med dagleg leiar i selskapet, og tilsvarande god kontakt med representantar både frå fylkeskommunen og kommunen. Samarbeidsproblem er ikkje noko som kan løysast over natta, men styreleiar har tru på at dei vil klare å få etablert ei god samhandling om dei får til å etablere ein god dialog. Det har ikkje partane fått til så langt. Styreleiar ser for seg at det kan vere føremålstenleg å engasjere ein nøytral tredjepart, i samsvar med tilrådinga i Vidsyn-rapporten. Vedkomande kan bistå partane med å forstå partane sine ulike roller og danne grunnlag for godt samarbeid.

To viktige arenaer som blir vist til for å få til god dialog mellom partane er strategisk leigetakarmøte og husmøta.

Strategisk leigetakarmøte

Dagleg leiar viser til at selskapet i 2017 tok initiativ til ein årleg dialog med leigetakarane på strategisk nivå. Tema er budsjett og vedlikehaldsplan for det komande året. Deltakarane har vore sektorleiar og/eller rådmann frå leigetakar. Møtet er haldt både i 2017 og 2018. Dagleg leiar viser til at strategisk møte er ei god ordning i høve til å få tilbakemelding på område som treng prioritet og økonomiske rammer i selskapet. Dagleg leiar oppfattar at desse møta la til rette for gode prosessar og ga leigetakarane i høve til å prioritere innspela frå dei mange brukargruppene inn i dei rette organa i selskapet. Prioriteringane frå brukarane og leigetakarane som blei oppsummert i strategisk møte gjekk til styrebehandling og vedtak i representantskapet.

Dagleg leiar viser til at det har vore gjort forsøk på å invitere til strategisk møte våren 2019, men grunna dei pågåande utgreiingane, var tilbakemeldinga at det ikkje var sett på som eit behov før avklaringar om vidare drift føreligg.

Husmøte

Det har vore ei ordning med husmøte mellom leigetakarane på bygget. Denne møteforma blei etablert i 2015 og møta blei halde kvar 2. onsdag i månaden i perioden september til juni. Deltakarane frå brukarsida har vore utpeika av leigetakarane sjølve. Desse har vore avdelingsleiarar frå Firda vgs og Gloppen kommune som har aktivitet og bruk i anlegga. Dagleg leiar viser til at tema for møta har vore bruk av anlegga som til dømes bruksplanar, driftsplanar, reinhaldstider, nye behov, uføresette og planlagde tiltak/prosjekt. Dagleg leiar opplyser om at det i 2018, blei det gjort endringar i organisering av møtet grunna kritikk frå deltakarar. Får at selskapet var møteinnkallar, blei det no slik at m det blei opp til leigetakarane å kalle inn eigeidomsselskapet til møte ved behov. Firda vgs har praktisert dette, slik at selskapet og Firda har samsnakkast om driftsavklaringar og delt informasjon ved behov. Dagleg leiar viser til at Gloppen kommune har i større grad nytta e-post som kommunikasjonskanal eller direkte kontakt med driftspersonell ved behov for naudsynte driftsavklaringar og informasjon.

Dagleg leiar opplyser om at husmøta er ei god ordning for å kommunisere med brukarar og leigetakarar, men at erfaringa har vore at informasjon frå husmøta i liten grad nådde ut til dei ulike brukargruppene, truleg fordi det var ei for «smal» deltaking på husmøta. Mellom anna var ikkje Gloppen ungdomsskule og barneskulane representerte – desse har stor bruk av anlegga på dagtid. Heller ikkje idretts- eller kulturorganisasjonar var representerte – desse er hovudbrukarar på kveldstid. Dagleg leiar har prøvd ut andre former for samhandling, mellom anna ein test på «walk through» med lærarar frå idrettsseksjonen på Firda. Dette var ei mykje meir effektivt møteform i høve til å kome nærmare der «skoen trykkjer» for å ha god funksjonalitet i lokala, men metoden er særers ressurskrevjande.

Ordninga med husmøte er også opptatteke slik at alle skal kunne treffast. Det blei kalla inn til husmøte rett før skuleferien og det er sendt ut innkalling til nytt møte i september.

Det er også etablert ein helpdesk med avvikshandtering for brukarane. I systemet kan ein halde dialog om pågåande tiltak/prosjekt/utbetringar og oppgraderingar i anlegga. Systemet blir i følgje dagleg leiar flittig brukt, og erstattar noko av målsetjinga med eit «husmøte». I dette digitale systemet kan alle brukarar ha dialog med eigeidomsselskapet om «stort og smått».

Rolleforståing

Både i intervju og i rapporten frå Vidsyn blir det vist til at det er utfordringar knytt til at rolleforståinga ikkje alltid har vore like klar, og at tenesteveg ikkje alltid har blitt følgt. I intervju blir det det peikt på at det er ei utfordring at fylkeskommunen og kommunen har rollen som eigar, leigetakar og brukar samstundes. Organiseringa er eigna til å skape forvirring med omsyn til kva som er riktig tenesteveg for partar som er involverte i selskapet, avhengig av kva rolle ein har til ei kvar tid. I intervju blir det vist til døme både på at styringssignal frå eigar blir direkte presentert for dagleg leiar utan å gå via representantskapet, og at både leigetakarar og sluttbrukarar tar direkte kontakt med styret. Dagleg leiar opplyser om at etter dette ble påpeikt i Vidsyn-rapporten har begge eigarane blitt meir medvitne denne utfordringa.

4.3.2 Vurdering

Det er ikkje etablert ein eigarstrategi for selskapet. Dette er ikkje i samsvar med tilråding frå KS. Revisjonen meiner at ein slik eigarstrategi ville kunne medverke til å etablere og formalisere ei felles retning for selskapet og sikre felles og eintydige overordna styringssignal frå eigarane til selskapet.

Revisjonen merkar seg at det utover representantskapsmøta ikkje har vore gjennomført jamlege eigarmøte, men at det er etablert ein struktur for dette i etterkant av Vidsyn-rapporten. Revisjonen stiller likevel spørsmål ved at eigarane er representert ved andre representantar i eigarmøta enn i representantskapsmøta. Revisjonen meiner at dette er eigna til å skape uklare styringslinjer og styringssignal frå eigarane til selskapet.

Revisjonen merkar seg at det ikkje har vore eit godt samarbeid mellom nokre av brukarane av bygget og dagleg leiing i selskapet. Revisjonen vi understreke at det må leggst til rette for god dialog og samhandling i felles fora. Husmøta kan vere ein god plattform for dette. Sjølv om godt samarbeid handlar om å etablere gode relasjonar, tillit og god kommunikasjon, meiner revisjonen samstundes at ei avklaring og formalisering av eigarstrategi, strategi for selskapet, møteplassar, avtaleverk, roller og oppgaver vil kunne medverke til ei betre samhandling ved at både føremålet med selskapet, forventa driftstenester, og andre roller og oppgaver knytt til drift av bygget blir avklart for alle partar.

4.4 Avtalar

4.4.1 Datagrunnlag

Selskapsavtalen regulerer forholdet mellom Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune som eigarar og deltakarar i Trivselshagen IKS. Dette er gjennomgått i kapittel 3.

I tillegg til rolla som eigar og selskapsdeltakar er Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune leigetakarar og brukarar av de ulike lokala som inngår i selskapet sin anleggsmasse. Disse relasjonane er regulert av leigeavtalar som er inngått med Trivselshagen IKS som utleigar. Leigeavtalane med kommunen og fylkeskommunen blei signert høvesvis 1. desember og 30. november 2008 og er tilnærma likelydande, med unntak av punkt 2 som omhandlar bruken av areala og punkt 3 som regulerer leigeavtalane si lengd. Fylkeskommunen skal etter avtalen nytta areala til skuleformål for Firda vidaregåande skule. Gloppen kommune skal nytta lokala til idrett og kulturføremål, samt formidling, kurs og seminar. Avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ei varigheit fram til 1. august 2018, men blei forlenga for nye 5 år til 2023. Avtalen med Gloppen kommune strekk seg til 1. august 2038.

Utover nemnte leigeavtalar er det ikkje inngått avtalar som regulerer forholdet mellom selskapet og leigetakarane. Avtaleverket rundt samarbeidet i Trivselshagen IKS har følgelig ikkje blitt oppdatert sidan selskapets etableringsfase i 2007-2008.

Det har vore utfordringar knytt til samhandling og bruk av areala. I ekstraordinært representantskapsmøte 12. februar 2018 vedtok representantskapet at dei ville be styret om:

å få fortgang i arbeid med revisjon av leigeavtalane og etablering av serviceavtalar med selskapet på driftsområde leigetakarane finn det føremålstenleg.

Styret gjorde eit slikt vedtak i sak 14/18:

Styret gjev dagleg leiar fullmakt til å utarbeide framlegg til ny leigekontrakt og serviceavtale i dialog med leigetakarane. Dagleg leiar får fullmakt til innkjøp av juridisk kompetanse i samband med arbeidet og i tråd med føresegnene i forskift om offentleg innkjøp (FOA). Vedtaket var samrøystes.

Med bistand frå innleigde advokatar utarbeidde dagleg leiar forslag til nye avtalar basert på standardiserte leigeavtaler. I tillegg blei det utarbeidd eit forslag til avtale om driftstenester. Forslaga er e ikkje drøfta og vedtatt med eigarane p.t.

Utover leigeavtalane frå 2008 er det ikkje inngått skriftlege avtalar om fordeling av driftsoppgåver mellom Trivselshagen IKS og leigetakarane. Det følger av punkt 5 i gjeldande leigeavtalar at:

Utgifter til lys, varme og reinhald er inkludert i leiga.

Vidare blir det presisert i punkt 6 at:

Utleigar dekker utgifter til vedlikehald knytt til leigeobjektet. I den grad leigetakar forskotterar påkostingar eller vedlikehaldskostnader har leigetakar rett til å få dekt utlegget av utleigar dersom dette på førehand er avtalt.

Utgangspunktet er derfor at IKS'et sitt driftsansvar er avgrensa til lys, varme, reinhald og vedlikehald, og at andre driftsoppgåver ligg til leigetakarane.

Trass i denne avgrensinga leverer i dag Trivselshagen IKS også badevakttenester til bassenganlegget i Trivselshagen Bad og Idrett. Tenestene blir dekkja av selskapet, slik at utgiftene for badevakter blir fordelt i høve til fordelingsnøkkelen i gjeldande funksjonsplan (sjå under for meir om denne).

Dagleg leiar viser til at desse badevakttenestene er nært knytt til reinhald og vedlikehald av bassengfasilitetane og blir levert av det same personalet som ein samla «pakke». Grunngevinga for dette er mellom anna dei særskilte krava som blir stilt til vasskvalitet og hygieniske tilhøve, samt ivaretaking og kontroll av installasjonar knytt til bassengfasilitetane. Denne praksisen har vore mykje omdiskutert – særleg fordi Gloppen kommune har billettinntekter og framleigeinntekter i samband med bruk og framleige av bassengfasilitetane, utan at desse inntektene blir fordelt mellom selskapsdeltakarane etter same fordelingsnøkkel (for meir om inntekts- og kostnadsfordeling, sjå kapittel 5).

Arealbruk

Det er ikkje inngått ein oppdatert avtale mellom selskapet og deltakarane om bruk av areala for å fastsette årleg bruksomfang slik selskapsavtalen krev. Det er utarbeidd ein funksjonsplan basert på ein bruksfrekvens som blei stipulert i 2008. Funksjonsplanen er lagt ved leigeavtalane. Leigeavtalen mellom Trivselshagen og hv. Gloppen kommune/Sogn og Fjordane Fylkeskommune punkt 8 (3) krev at det årleg skal leggast fram oversikt over bruken av dei leigde lokala. Tilsvarande gjeld også framleigde lokale. Det er ikkje utarbeidd ei slik oversikt.

Funksjonsplan frå 30. desember 2008 var basert på prosjekteringsteikningar for bygga, men er sidan justert 2. gonger etter byggteikningar med angjeve bruttoareal og teknisk areal. Funksjonsplanen dannar utgangspunktet for dagens fordelingsnøkkel som er stipulert til 36 % og 64 % høvevis på Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune.

Denne fordelinga er ikkje i samsvar med faktisk bruk. Dagleg leiar peikar mellom anna på at i funksjonsplanen er selskapets areal oppført med ein bruksprosent, utan at det er klart kva bruksprosenten inneber og er rekna ut på bakgrunn av.

Dagleg leiar viser også til at drifta og bruken av eigedomsmassen i starten var meir skuleprega, altså meir avgrensa til skulen sine opningstider. I dag er anlegga opne for bruk nærast 365 dagar i året, frå kl. 6 om morgonen til 22-23 om kvelden. Fleire av anlegga er opne i feriar, på heilagdagar, osv. Dette er ikkje tilstrekkeleg teke omsyn til i den areal- og kostnadsfordelinga som gjeld i dag. Bruk av anlegget kveld, helger, feriar m.m. har ei kostnadsside som ikkje er tilstrekkelig regulert i avtalene som ligg til grunn i dag.

I samband med verifisering av rapporten presiserer Gloppen kommunen at det har vore ein klar føresetnad heile tida at Trivselshagen – i tillegg til å vere eit skuleanlegg – er Gloppen kommune sitt kulturbygg og hovudanlegg for innandørs idrett. Frå første dag har det vore planlagt med drift på kveldstid og i helgane, heile året.

Dagleg leiar meiner det er trong for mellom anna retningslinjer for sambruk, primærtid, m.m, men at det er vanskelig å få det til utan gode styringsverktøy og godt samarbeid mellom partane. Fråværet av effektive styringsverktøy og avtalar er ein del av bakgrunnen for at ein i fleire år har hatt «brukarkonflikter» mellom deltakarane. Brukarane har ikkje alltid vore samde om kven som skal bruke areala til kva tid.

Det blei oppretta ei evalueringsgruppe for å arbeide med eit nytt grunnlag for berekning av bruk av arealet. Selskapet ved dagleg leiar har lagt fram nytt forslag til areal- og bruksfordeling, men denne er ikkje godkjent. Det blir av nokre vist til at leigetakarane og brukarane ikkje har blitt tilstrekkeleg involverte i prosessen, slik at fordelinga ikkje i tilstrekkeleg grad er basert på faktisk bruk. Alle revisjonen har intervjuet er likevel samde i at det er trong for å evaluere og oppdatere fordelingsnøkkelen.

Dagleg leiar ønsker også å utarbeide eit årshjul med oversikt over arealbruk som kan leggest til grunn ved budsjettering. Dagleg leiar ønsker at begge eigarane i større grad blir inkluderte i prosessen med å utarbeide oversikt over arealbruk og ledig arealkapasitet som kan nyttast av elevar. Dette har tidlegare vore eit vanskeleg samarbeidstema mellom leigetakarane. Dagleg leiar ser for seg at det vil vera lettare å involvera begge partane etter Vidsyn-rapporten.

Framleige

Eit anna opphav til usemje er leigetakarane sin åtgang til å framleige areala i Trivselshagen IKS. Det går fram av leigeavtalane punkt 11 at:

Det er høve til å framleige til same type verksemd som leigetakaren driv, og på dei same generelle vilkåra som er omhandla i denne kontrakten. Utover dette vert det krav samtykke frå utleigar.

Utanom den generelle bestemminga i selskapsavtalen § 6 anna ledd om at «driftsinntektene går til selskapet» er det ikkje avtalt korleis framleigeinntekter eller kostnader skal fordelast mellom leigetakarane og selskapet. Gloppen kommune har framleigeinntekter som ikkje tilfell selskapet, sjølv om selskapet står for driftstenester i samband med framleiga (til dømes badevakteneester, straum, reinhald, vedlikehald).

Praksisen blir forklart mellom anna med at kommunen har ei rekke kostnader, utover selskapet sine driftskostnader, i samband med framleige, som til dømes kostnader til arrangør, honorar til artistar, bookingsystem, lyd/lys m.v., som gjer at framleigeverksemda likevel ikkje går med overskot for kommunen (sjå også kapittel 5).

Eit anna spørsmål som det blir vist til at i liten grad er avtalefesta, er innkjøp av utstyr til bruk i dei ulike anlegga i Trivselshagen. Kva utstyr er det forventa at selskapet skal syte for og kva utstyr skal leigetakar ha ansvar for? Spørsmålet er ikkje regulert i leigeavtalar eller på andre måtar formalisert, og har ført til diskusjonar mellom leigetakarane og selskapet kring innkjøp.

4.4.2 Vurdering

Det er revisjonens vurdering at det ikkje er inngått tilstrekkeleg med avtalar for å regulere forholdet mellom eigarane og mellom selskapet og leigetakarane av bygget. Det manglar etter revisjonen si vurdering tilstrekkeleg med avtalar som regulerer arealbruk og bruksprosent. Det er heller ikkje utarbeidd ei årleg oversikt over bruken og framleige av lokala slike leigeavtalane krev. Det manglar også avtalar knytt til driftstenestene, kva som skal vere selskapet sine oppgåver og kva som ligg til leigetakarane, både å syte for og dekke utgiftene til.

Det er også mangel på etterleving av dei avtalar som eksisterer, til dømes når det gjeld fordelinga av inntekter og –kostnader som skriver seg frå drift og bruk av bassenganlegget og for framleige. Inntektene frå desse aktivitetane blir tilført Gloppen kommune, til trass for at selskapsavtalen § 6 andre ledd bestemmer at driftsinntekter skal gå til selskapet med mindre noko anna er avtalt. Det har utvikla seg ein praksis som ikkje er i samsvar med dei avtalar som er inngått. Revisjonen merkar seg at det kan vere gode grunnar til at dette har skjedd, og at eksisterande avtaler gjerne ikkje reflekterer dagens behov på best mogleg måte. Likevel meiner revisjonen at både manglande avtalar og manglande etterleving av avtalar ikkje er tilfredsstillande og medverkar til uklare styringssignal og eit dårlig grunnlag for samhandling mellom alle involverte partar.

Revisjonen merkar seg vidare at det er utarbeidd eit forslag til nye leigeavtalar og ein driftsavtale. Revisjonen har ikkje gjort ei vurdering av desse avtalane men vil understreke at leigeavtalar bør

tydeleggjere fordelinga av driftsoppgåver mellom utleigar og leigetakarar, slik at utleigars driftsansvar går tydelege fram i avtalen. I den grad det oppstår behov for at Trivselshagen IKS skal yte driftsoppgåver utover oppgåvene som inngår i leigeavtalene bør det utarbeidast egne driftsavtaler.

Det bør i leigeavtalane gå fram retningslinjer for framleige av anlegga i Trivselshagen IKS. Retningslinjene bør både konkretisere kva som er definert som framleige og korleis kostnader og inntekter ved framleige skal fordelast. Revisjonen vil understreke at det i selskapsavtalen § 6 anna ledd er krav om avtale mellom deltakarane dersom driftsinntektene ikkje skal tilfalle Trivselshagen IKS.

Vidare er det revisjonen si oppfatning at det bør utarbeidast avtaler eller retningslinjer for innkjøp av utstyr, kva som er selskapet sitt ansvar, kva som er leigetakar sitt ansvar og korleis ein kan sikre gode prosessar rundt innkjøpa.

5. Inntekter og utgifter

5.1 Problemstilling

Her vil følgjande problemstilling bli undersøkt:

- I kva grad blir inntekter og utgifter⁵ knytt til selskapet si drift ført i samsvar med regelverk og inngåtte avtalar?

5.2 Revisjonskriterium

Lov om Interkommunale selskap

Trivselshagen IKS er eit interkommunalt selskap og har i utgangspunktet valfridom knytt til kva for regelverk for rekneskapsføring som skal følgjast, jamfør Lov om interkommunale selskap § 27. Det går fram av selskapsavtalen at det frå 2017 skal førast rekneskap etter rekneskapslova.

Det skal etter Lov om interkommunale selskap § 18 utarbeidast budsjett, som skal vedtakast av representantskapet. Det skal i tillegg etter § 20 utarbeidast ein økonomiplan for dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettår og gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver, under dette investeringsplaner og finansieringa av desse i denne perioden. I økonomiplanen skal det også inngå ei oversikt over selskapet si samla gjeldsbyrde og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Meirverdiavgift

Utleige av fast eigedom er som utgangspunkt unnateke meirverdiavgift, jf. Meirverdiavgiftslova § 3-11 første ledd. Utleigeverksemd kan likevel bli underlagt Meirverdiavgiftslova gjennom ei frivillig registrering i Meirverdiavgiftsregisteret etter Meirverdiavgiftslova (mval.) § 2-3 første ledd eller tredje ledd. Den frivillige registreringa vil berre omfatte areal leigd ut til bruk for meirverdiavgiftspliktig verksemd eller til bruk for kommunal, fylkeskommunal eller interkommunale verksemd omfatta av ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon, jf. Meirverdiavgiftskompensasjonslova § 2 bokstav a og b.

Utleigar må ved frivillig registrering legge meirverdiavgift på husleiga til leigetakar. Samstundes får utleigar frådrag for inngåande meirverdiavgift på t.d. oppføringskostnader og driftskostnader knytt til areal utelukkande brukt i den registrerte utleigeverksemda, jf. mval. § 8-1. Ved fellesinnkjøp som dels også er til bruk for utleige til ikkje-avgiftspliktige/kompensasjonsberettiga verksemd, vil frådraget etter hovudregelen vere forholdsmessig etter ein viss fordelingsnøkkel, jf. mval. § 8-2.

Avgiftsbehandling av areal i delt bruk

Der eit og same areal er til bruk av leigetakar både til avgiftspliktig/kompensasjonsberettiga og anna verksemd, er det avgiftsmessig «delt bruk» frå utleigars perspektiv. Delt bruk omfattar samstundes parallell bruk av det same arealet som nemnt, eller ved hyppig skifte av bruken i serie. Arealet blir *hjá utleigar* i så fall behandla som om det var fullt ut til bruk i avgiftspliktig/kompensasjonsberettiga verksemd. Dette inneber fakturering av mva. på heile leiga som gjeld dette arealet, og fullt frådrag for inngåande mva. knytt til arealet i delt bruk. Føresetnaden er at leigetakar har meir enn 5% bruk av arealet i kompensasjons/avgiftspliktig verksemd.

Hjá *leigetakar* vil det same arealet framleis bli mva-behandla avhengig av leigetakars faktiske bruk av arealet, slik at leigetakar berre får delvis frådrag for inngåande mva. på leiga. Bakgrunnen for denne særregelen er at det kan vere vanskeleg for utleigar å ha oversikt over leigetakars delte bruk.

Selskapsavtalen

Selskapsavtalen § 6 regulerer driftsinntekter og driftsutgifter, og lyder slik:

⁵ I problemstillinga er omgrepet «utgifter» nytta, medan det i mellom anna selskapsavtalen og leigeavtalane er nytta omgrepet «kostnader». Vi vil innleiingsvis presisera at omgrepa vil bli nytta vekselvis vidare i rapporten, men at dei er tillagt same tyding.

Det skal inngåast avtaler mellom selskapet og deltakarane om bruken av areala og fordelinga av årlege driftskostnader, dvs. Kapitalkostnader, drift, vedlikehald m.v. i samsvar med årleg bruksomfang. Lov om rekneskap ligg til grunn for rekneskapsføringa i selskapet frå 2017. Driftsinntektene går til selskapet dersom anna ikkje er avtalt.

Første ledd i selskapsavtalen § 6 set fast at det skal inngåast avtalar knytt til bruk av areala og fordeling av kostnader.

Andre ledd av selskapsavtalen § 6 legg føringar for kva regleverk for rekneskapsføring selskapet skal nytta. Dersom selskapet vel å avvika frå hovudregelen i Lov om interkommunale selskap om rekneskapsføring etter rekneskapslova, skal dette takast inn i selskapsavtalen.

Siste ledd av selskapsavtalen § 6 regulerer inntekter og fastset at driftsinntekter skal tilfalle selskapet dersom anna ikkje er avtala. Det er ikkje lagt fram, eller informert om i intervjuet, at det er inngått slike avtalar. Det blir difor lagt til grunn at det ikkje eksisterer avtalar om ei avvikande fordeling av driftsinntekter utover det selskapsavtalen legg opp til.

Leigeavtalen

Leigeavtalane mellom Trivselshagen IKS og høvesvis Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune blei inngått 1. desember 2008. Avtalane er likelydande. Punkt 4 i avtalen fastset korleis leige skal utreknast:

Avtalt leige er basert på Holte Prosjekt sin FDV-nøkkel anno 2008⁶. Areal og kostnadsfordelinga mellom leigetakarane skal evaluerast etter 2 år. Gloppen kommune garanterar for 51% av totalt utleigeareal. Husleiga innbetalast etter nærmare avtale med utleiger.

Vedlagt leigeavtalen er det ein funksjonsplan som stipulerer bruksfordelinga til 36% og 64% på høvesvis Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune.

Punkt 11 i leigeavtalen gjev begge leigetakarane høve til å framleiga lokala:

Det er høve til å framleige til same type verksemd som leigetakaren driv, og på dei same generelle vilkåra som er omhandla i denne kontrakten. Utover dette vert det krav om samtykke frå utleigar.

5.3 Datagrunnlag

5.3.1 Føring av kostnader og inntekter opp mot regelverk

Rekneskap og budsjett

Det blir utarbeidd budsjett for drifta i Trivselshagen IKS, kor ein budsjetterer at inntektene frå leigetakarane skal dekkja 100% av driftskostnadane. Revisjonen har i samband med undersøkinga blitt framvist budsjett for 2019. Det er i same dokument også utarbeidd økonomiplan som dekkjer perioden 2019 – 2022.

Representantskapet vedtok budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 for Trivselshagen IKS i møte 28. september 2018.

Selskapet endra frå rekneskapsføring etter kommunelova til rekneskapsføring etter rekneskapslova i 2017. Selskapet sin rekneskap er avlagt tidsriktig og det er frå revisor utstedt ei «rein» revisjonsberetning som ikkje inneheldt presiseringar eller atterhald om tilhøve som ikkje er tilfredsstillande.

Kapitalkostnader –avskrivning og renter

I ekstraordinært representantskapsmøte i februar 2018 blei avskrivingsprinsipp endra til å følgja årleg nedbetaling av gjeld. Grunngevinga for velje ein slik modell, var ønskje frå Gloppen kommune si side, då overgang frå rekneskapsføring etter kommunelova til rekneskapsføring etter rekneskapslova hadde medført ei vesentleg auke i leigekostnaden på grunn av endra avskrivingsperiode.

⁶ FDV-nøkkelen er eit manuelt system som omhandlar alle område innanfor budsjettering, planleggjing og kontroll av kostnadsdata knytt til forvaltning, drift og vedlikehald.

Det er i intervjuet informert om, både frå kommunen og selskapet si side, at det er ulike syn på fordelinga av kapitalkostnader. Det er stilt spørsmål om det er rimeleg at Gloppen kommune skal betala 64 % av kapitalkostnadane i Trivselshagen IKS, når eigarbrøken mellom fylkeskommunen og kommunen er 50-50. Rådmannen i Gloppen meiner at selskapet sine kapitalkostnader bør fordelast i samsvar med eigarbrøk. Når det gjeld avskrivningar, følgjer også denne kostnaden fordelingsnøkkelen som for øvrige kostnader. Dette er i følgje dagleg leiar ikkje urimeleg etter som den leietakaren som står for slit og elde ved bruk av areala, også bør ta tilsvarende kostnad.

Renter og avskrivningar utgjer høvesvis samla beløp på 3,3 millionar i 2017 og 5,1 millionar i 2018.

Meirverdiavgift

Trivselshagen IKS har valt å frivillig registrere seg i Meirverdiavgiftsregisteret og har på dette grunnlaget fakturert leige med mva. og kravd frådrag for inngåande meirverdiavgift. Ved utleige til Sogn og Fjordane fylkeskommune har det hittil ikkje vore spørsmål knytt til dette, då verksemda som blir utført i regi av fylkeskommunen utelukkande gjeld undervisning og slik er kompensasjonsberettiga.

For Gloppen kommune er problemstillinga meir krevjande, då kommunen brukar lokala i fleire ulike verksemdsområder og korresponderande avgiftsregimer – kompensasjonsberettiga, avgiftspliktig og verksemd som korkje gjev kompensasjons- eller frådragsrett.

Trivselshagen IKS har engasjert eit advokatfirma til å utarbeide eit notat kor det er gjort greie for behandling av meirverdiavgifta og det er utarbeidd nye leigeavtalar i samsvar med dette. I notatet frå advokatane er ulike verksemder hjå leietakarane vurdert konkret, og notatet konkluderer med at Trivselshagen IKS ikkje har krav på fullt, men berre forholdsmessig frådrag for inngåande meirverdiavgift. Det må i følge notatet derfor etablerast ein fordelingsnøkkel for frådrag.

Dagleg leiar informerer om at selskapet har handla i god tru og ikkje vore klar over eventuelle feil som er gjort med omsyn til mva. Tilsvarende saker der skattemyndigheitene nyleg har gjort vedtak, har gjort selskapet merksam på problemstillinga. Dagleg leiar har informert om at styret i samarbeid med revisor snarleg vil starte dialog med skattemyndigheitene om saka.

5.3.2 Føring av inntekter og utgifter opp mot inngåtte avtalar

Fordelingsnøkkel

Leigeavtalar mellom Trivselshagen IKS og høvesvis Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune blei inngått 1. desember 2008. Samstundes med at leigeavtalar blei undertekna, blei det også utarbeidd ein plan for areal- og kostnadsfordeling⁷.

Utgangspunktet for finansieringa av driftskostnadane i Trivselshagen IKS er at alle kostnader i selskapet skal fordelast på dei to leietakarane etter den fastsette fordelingsnøkkelen i areal- og kostnadsfordelinga.

Dagens gjeldande areal og kostnadsfordeling syner ei fordeling av 36 % av kostnadane til Sogn og Fjordane fylkeskommune og 64% til Gloppen kommune. I intervjuet blir det vist til at denne fordelinga er basert på stipulert bruk og det er ikkje klart kva denne bruksprosenten i utgangspunktet er rekna ut på bakgrunn av. Det er heller ikkje teke omsyn til at delar av areala er meir kostnadskrevjande å drifta enn andre, som til dømes symjeanlegget. Leigeavtalane krev, som tidlegare



■ Gloppen kommune ■ Sogn og Fjordane

⁷ Det er nytta ulike omgrep ved omtale av det som i leigeavtalane er namngjeve som areal og kostnadsfordeling. Intervjuobjekta har nytta omgrep som «bruksfordeling» og «funksjonsplan», medan sjølve overskrifta på det opphavlege dokumentet er «areal til utbygging og fordeling» og i det nye forslaget «areal og bruksfordelingsplan». I rapporten vil vi nytta omgrepet som er nytta i leigeavtalen, areal og kostnadsfordeling

påpeikt, at det årleg skal leggast fram oversikt over bruken og framleige av dei leigde lokala. Dette ikkje gjort. Kostnadsfordelinga er difor basert på den stipulerte fordelinga.

For 2019 er det budsjettert følgjande leige frå dei to leigetakarane:

| | Del | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 |
|---|-------|----------------|---------------|
| Sogn og Fjordane fylkeskommune, leigebetaling | 36 % | 6 734 514 | 6 955 722 |
| Gloppen kommune, leigebetaling | 64 % | 11 972 466 | 12 365 728 |
| Totale kostnader for Trivselshagen IKS | 100 % | | |

Revisjonen får opplyst at gjeldande fordelingsnøkkel ikkje er i samsvar med dagens faktiske bruk. Trivselshagen IKS og leigetakarane hadde 30. august 2017 eit møte, referert til som årsdialog/strategimøte, der det blei etablert ei gruppe som fekk i mandat å evaluera bruk og bruksprosentar. Dagleg leiar i Trivselshagen IKS, kultursjef i Gloppen kommune og rektor ved Firda vidaregåande skule deltok gruppa som gjennomførte evalueringa. Etter evalueringa har dagleg leiar utarbeidd ei ny areal og kostnadsfordeling med oppdatert areal- og bruksfordeling – justert til høvesvis 32 % på fylkeskommunen og 68 % på kommunen. Styret i Trivselshagen IKS fekk i sak 37/17 orientering om status i saka.

I den justerte funksjonsplanen er faktisk BTA⁸ lagt til grunn og den inkluderer i motsetnad til den opphavlege planen, også teknisk areal. I følgje dagleg leiar handlar den største justeringa i planen om bibliotekareal kor det er gjort endringar i samband med at Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar dette som skulebibliotek og betalar leige direkte til Gloppen kommune for biblioteksdrifta. Det er også eit møterom som er omgjort til kontor for Gloppen kommune. Det er tatt utgangspunkt i ei gitt opningstid og bruksdel er no utrekna med utgangspunkt i kor mange timar av denne opningstida per veke leigetakarane nyttar dei ulike lokala.

Den nye areal og kostnadsfordelinga er lagt fram for styret, men blei ikkje vedteke. Årsaka til at avtalen ikkje blei vedteke var mellom anna at partane ikkje kjente til talgrunnlaget for fordelinga, og heller ikkje opplever å ha blitt tilstrekkeleg involvert i prosessen med utarbeidinga. Gloppen kommune opplyser til dømes om at kulturhusleiar ikkje blei konsultert. Etter kommunen sitt syn er det kulturhusleiar som har best kontroll over faktisk bruk av kultursalane, kino og elevkantine. I samband med verifisering av rapporten blir det også stilt spørsmål frå Gloppen kommune om avtalen med biblioteket vedkjem areal-spørsmålet og betaling av husleige ettersom dette er ein avtale om betaling for bibliotektenester. Det er også usemje knytt til kva som skal reknast som opningstid for anlegget. Revisjonen får opplyst av dagleg leiar at areal- og kostnadsfordelinga i dag ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til at bygget er ope for bruk nærast kvar dag, store delar av døgnet. Dette er heller ikkje tilstrekkeleg regulert i leigeavtalane. Det blir understreka at bruk av anlegget har ei kostnadsside som også må reknast med. Samstundes blir det frå Gloppen kommunen si side understreka at aktivitetane som kommunen driv i bygget som regel er på kveld og helg, og at dette difor må sjåast på som innanfor ordinær opningstid med omsyn til desse aktivitetane.

Rådmannen i Gloppen kommune understreker at det er viktig at partane no får på plass avtalar som kan regulere den stadige usemja om kostnad- og inntektsfordeling i Trivselshagen IKS, slik at den ikkje forblir eit hinder for godt samarbeid. Rådmannen i Gloppen kommune meiner på generelt grunnlag at dei som faktisk veit korleis anlegget blir nytta må bli involvert i prosessen, som rektor for Firda vidaregåande og einingsleiarene som er ansvarlege for drifta i kommunens regi. Det er til no ikkje gjennomført noko god prosess for å finne ut av og regulere dette. Rådmannen presiserar vidare at kommunen og fylkeskommunen eigentleg ikkje er usamde, men at dei ikkje har fått sett seg ned i fellesskap for å avklara areal- og kostnadsfordelinga. Styreleiar på si side uttrykker at styret har ikkje noko bestemt synspunkt på kva som er rett kostnadsfordeling, men at det må finnast ei løysing som alle partar kan vere samde om. Styret meiner likevel at prosessen med endring av areal- og kostnadsfordeling bør vente fram til at framtidig samarbeidsmodell er landa.

⁸ BTA = Bruttoareal: areal inkludert ytterveggar og summert for alle plan i ein bygning.

Symjeanlegg og badevakttenester

I gjeldande areal og kostnadsfordeling er symjeanlegget fordelt med 10% bruk av Sogn og Fjordane fylkeskommune og 90 % av Gloppen kommune. Dette inngår som ein del av grunnlaget for å berekne den samla fordelinga i bruks- og arealplanen. Eit symjeanlegg har høgare driftskostnader enn ordinære lokale som klasserom etc, men fordelinga av driftskostnader tek ikkje omsyn til dette.

Leigeavtalen med Trivselshagen IKS omfattar i tillegg til disponering av lokala, ventilasjon, oppvarming, reinhald og vakthald, også badevakttenester. Dette har vore ei kjelde til diskusjonar mellom eigarane/leigetakarane og leiinga av selskapet. Bakgrunnen for usemja er at Gloppen kommune har billettinntekter og leigeinntekter i samband med bruk- og framleige av bassengfasilitetane, medan kostnadane knytt til drift, under dette også badevakttenester, er allokert til Trivselshagen IKS og fordelt på leigetakarane i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel.

Dagleg leiar meiner ho i fleire år har åtvvara selskapsdeltarane om praksisen for fordeling av kostnader knytt til badevakttenestene. Det vil i følgje dagleg leiar likevel ikkje vera problematisk å skilja ut timane for badevakttenester mv. i samband med drifta av bassenget. Etter dagleg leiar sitt syn bør timane og tilhøyrande kostnadene som blir belasta Trivselshagen IKS for badevakttenester heller trekkast ut av fordelinga og fakturerast direkte til kommunen ettersom det er kommunen som får inntekta frå badeanlegget. Dette er også føreslege i utkast til ny leigeavtale og tilhøyrande driftsavtale med Gloppen kommune (som enno ikkje er godkjent).

Når det gjeld badevakttenestene synes det å vera semje hjå alle partar om at det er ein ubalanse i kostnadsfordelinga til fordel for Gloppen kommune. I følgje dagleg leiar viser til PWC rapporten og at denne ubalansen er rekna til 1,5 mill. i året til fordel for Gloppen kommune.

Framleige

Det er av leigetakarane berre Gloppen kommune som framleiger arealet. Gloppen kommune framleiger areal til borne- og ungdomsidrett samt andre frivilljuge- og ålmennyttige organisasjonar. Prisar blir fastsette i samband med årleg budsjettvedtak i kommunen.

Kommunen har eigne inntekter og kostnader knytt til framleige som følgeleg ikkje går fram av rekneskapane til Trivselshagen IKS. Kommunen presiserer at dei går med underskot for tenestene som blir levert i dei framleigde areala. Revisjonen har etterspurt oversikt over inntekter og kostnader knytt til framleiga i Gloppen kommune, men ikkje motteke fullstendige opplysingar. Dette blir grunngjeve med at det ikkje blir ført prosjektrekneskap slik at eventuelle rapportar vil vere vanskelege å tolke.

Revisjonen har fått opplyst av Gloppen kommunen at kommunen i 2018 har inntekter i storleiken 306 000 kroner for framleige av kulturhuset (i all hovudsak kultursal). Kino og andre kulturarrangement gjev ei omsetning på 3,5 millionar i billettinntekter. Når det gjeld idrettsdelen er framleigeinntektene åleine 800 000 kroner. I tillegg kjem billettinntekter frå bad, treningssenter og klatrevegg på 2,5 millionar kroner.

| Døme på innteksbringande aktivitet | Inntekt 2018 |
|---|--------------|
| Framleige kulturhus | 306 000 |
| Framleige idrett og bad | 800 000 |
| Kino og kulturarrangement (billetter) | 3 500 000 |
| Bad, treningssenter og klatrevegg (billetter) | 2 500 000 |

Gloppen kommune har utgifter til løn for tilsette, innleigd personell og utsyr i samband med arrangementa som blir gjennomførte. Gloppen kommune sine tilsette bemannar kantina og kiosken som og står for sal av bassengbilletter og andre billetter til arrangement som blir halde i Trivselshagen sine bygg. Til dømes får revisjonen opplyst at sjølv om inntektene for kino og kulturarrangement er 3 500 000, går ein likevel med underskot med 800 000 kroner. Billettinntekter blir i all hovudsak overførte til anten arrangør som har leigd seg inn eller nytta til å dekkje kostnader ved arrangement, som mellom anna honorar til artist.

Gloppen kommune nyttar i tillegg ressursar på bookingsystemet DX for å kunna drive framleige, og det blir frå kulturhusleiar presisert at inntektene kommunen har frå billettinntekter og framleige ikkje dekkjer dei samla utgiftene til kommunen.

Det blir i intervju også presisert at Gloppen kommune sine tilsette i kultureininga også bistår Firda vidaregåande skule ved behov. Kulturhusleiar anslårat 20-30% av stillinga hans går med til å utføre arbeid som fylkeskommunen dreg nytte av.

Det blir samstundes understreka, både frå kommunen og fylkeskommunen, at samhandlinga mellom dei tilsette som arbeider på bygget er god.

I rapporten frå Vidsyn er det tilrådd at inntekter frå framleige av leigeobjektet bør gå til selskapet og ikkje Gloppen kommune. Gloppen kommune på si side er kritiske til konklusjonen som blir trekt i rapporten då det ikkje er undersøkt med kommunen kva for kostnader dei har knytt opp mot inntektene. Kulturhusleiar opplyser i tillegg at husleiga til kultursal og badeanlegg som blir betalt til Trivselshagen IKS ikkje gjev full momskompensasjon for kommunen og difor gjev ein betydelig meirkostnad enn om kommunen sjølv til dømes hadde hatt arbeidsgjevaransvaret for badevaktene. Det blir også påpeikt at det var ein føresetnad at kommunen skulle kunne drive med utleige og skaffa seg inntekter då anlegget blei planlagt. Bakgrunnen og motivasjonen for framleigeverksemda er kommunen sitt ønskje om å skapa aktivitet og engasjement i lokala – ikkje økonomisk gevinst.

Det er frå fylkeskommunen si side oppgjeve at det problematisk at Gloppen kommune framleiger IKS'et sine areal og beheldt inntektene frå framleigeverksemda uavkorta, etter som Sogn og Fjordane må dekke 36 % av kostnadane knytt til denne framleiga. Det blir mellom anna vist til at når fylkeskommunen ikkje nyttar sin del av til dømes idrettshall og liknande i skulen sin sommarferie, kan Gloppen kommunen framleige denne og få inntekter på hallen. Når fylkeskommunen på si side har hatt behov for areal utover det som framgår av gjeldande areal- og kostnadsfordeling, har bruken blitt fakturert for. Fylkeskommunen har ei positiv haldning til aktivitetane i Trivselshagen, og har ikkje ønska å legge seg opp i praksisen med framleige. Dei opplever no likevel at det er behov for å rette opp noko av denne ubalansen. Fylkeskommunen oppfattar at dei har god støtte for sitt synspunkt på saken i rapportane frå både Vidsyn og PwC.

Dagleg leiar i Trivselshagen IKS opplyser i intervju at det fyrst og fremst er selskapet sine meirutgifter i samband med kommunen si framleige av bassenganlegget som er problematisk. Desse driftsutgiftene gjeld mellom anna badevakttenester, driftsteknikarar og reinhaldspersonell, m.m. Framleige av bassengarealet til bruk utover det som er fastsatt i gjeldande funksjonsplan har ei kostnadsside som ikkje er tilstrekkeleg reflektert i kostnadsfordelinga mellom deltakarane. Det blir difor oppfatta som uriktig at inntektene frå slik framleige skal tilfalla Gloppen kommune, og ikkje selskapet, slik det er føresetnad om i selskapsavtalen § 6. Dagleg leiar presiserer vidare at framleige av dei øvrige lokala ikkje er like problematiske, då desse ikkje medfører meirkostnader for selskapet i same grad som bassenganlegget.

Også representant for Sogn og Fjordane fylkeskommunen understrekar at det er særleg fordeling inntekter og kostnader knytt til bassenganlegget som blir opplevd som urimeleg. Fylkeskommunen har i mindre grad vore opptatt av ein del andre inntektsbringande aktivitetar i regi av kommunen. Det blir understreka at fylkeskommunen stiller seg positiv til et høgt aktivitetsnivå i Trivselshagen.

Det er også gitt uttrykk for at ein i større grad må få avtalefesta kven av partane som skal vere ansvarleg for innkjøp av utstyr til bygget. Problemstillinga var nyleg aktualisert då det skulle kjøpast inn nytt fryseskap til kantina. Det er i tillegg usemje om val av løysingar og utstyr i bygget, her nemner ein til dømes innkjøp av lys- og lydmiksar.

Festeavgift

Som nemnt tidlegare (kapittel 3, side 14) har ikkje kommunen og fylkeskommunen overført tomtegrunnen som Trivselshagen nyttar slik selskapsavtalen føreset. Delar av tomtegrunnen som Gloppen kommunen skulle ha ført over er tomtegrunn som kommunen i dag står som festar av. For dette tomtearealet er Gloppen kommunen forplikta til å betale ei festeavgift. Det er ikkje inngått noko avtale med Trivselshagen som tilseier at selskapet har ei forplikting knytt til denne festeavgifta. Gloppen kommunen har kravd at Trivselshagen IKS skal dekke denne festeavgifta. I styrereferat frå styremøte 12. januar 2017 går det mellom anna fram at

Kravet frå Gloppen kommune er korrigert til kr 53.135,95 (...). Rådmannen grunngjev kommunen sitt krav i at sjølv om eigedomstilhøva til arealet skal vere som dei er, ikkje er det same som at Trivselshagen IKS ikkje skal betale festar (=GK) si festeavgift på eigedomen. GK opprettheldt sitt krav. Trivselshagen IKS har

i budsjett 2017 teke omsyn til denne utgifta. Gloppen kommune ønskjer også å få dekka sine festeavgifter for arealet for 2016, og har sendt faktura på summen.

Styret gjorde samrøystes slikt vedtak:

Trivselshagen IKS vil frå og med budsjettåret 2017 refundere Gloppen kommune sine festeavgifter til grunneigedomen som Trivselshagen Bad og Idrett er plassert på. Gloppen kommune si festeavgift for arealet fram til og med 2016 vil ikkje bli refundert.

I Vidsyn-rapporten blir det understreka at dette kravet ikkje er heimla i selskapsavtalen. Vidare blir det vist til at det i selskapsavtalen er føreset at tomtegrunn frå kommunen er del av selskapet sin kapital. Fylkeskommunen har heller ikkje overført sitt areal, men stilt det til rådvelde vederlagsfritt. Det blir presisert at det må og kommunen gjere, og at det ikkje kan vere eit gyldig argument at grunnen aldri er overført til selskapet sin kapital når ingen av partane har oppfylt den delen av selskapsavtalen. I rapporten blir det tilrådd at «Styret bør be kommunen vurdere rekninga på nytt, be om at kravet blir sletta og at det som alt er betalt blir ført attende til IKS'et.»

Revisjonen merkar seg at det i forslag til ny selskapsavtale blir stadfesta at bygningsmassen som går inn i selskapet blir eigd av selskapet, samt at selskapet har som mål å formalisera selskapet sine rettar til dei aktuelle eigedomane, anten ved å inngå festeavtalar og/eller ved å dela frå og skøyta over grunnen til selskapet.

5.4 Vurdering

Eigarane har gjennom representantskapet fastsett ein praksis kor kostnadene ved avskrivning skal samsvara avdrag som blir betalt på den langsiktige gjelda. Kapitalkostnadane (renter og avskrivningar) blir fordelte etter same fordelingsnøkkel som øvrige kostnader. Gloppen kommunen opplever at denne fordelinga er urimeleg sett i lys av at eigarbrøken er 50-50. Det finst ikkje reglar for korleis avskrivningar skal fordelast med omsyn til eigarbrøk vs. bruksdel. Revisjonen meiner at det for avskrivningar ikkje er unaturleg at den som påfører slit og elde på anleggsmidla også skal stå for ein tilsvarande del av kostnadene knytt til dette, men at dette likevel er noko som partane må bli samde om og fastsette i fellesskap.

Revisjonen har ikkje særskilt vurdert Trivselshagen IKS si handsaming av meirverdiavgift, og har heller ikkje nok kjennskap til den faktiske bruken av lokala til å gjere ei fullstendig vurdering av dette. For å gjere ei god vurdering må det mellom anna leggast fram ei faktisk bruksfordeling frå leigetakarane, slik det er sett krav om i leigeavtalane, under dette også for framleiga. Selskapet har fått utarbeidd eit notat som greier ut og finn feil ved mva-handsaminga. Det er etter revisjonen si vurdering eit sentralt punkt at notatet frå advokatselskapet legg feil forståing av regelverket til grunn. Notatet føreset at Trivselshagen IKS vil tapa frådragsretten grunna Gloppen kommunen sin bruk av areala. Ifølgje notatet vil Trivselshagen IKS få forholdsmessig frådrag ved areal som Gloppen kommune nyttar i «delt verksemd» (punkt 4.4.4.3). Etter vårt syn er det eit avgjerande poeng at det ved avgiftsmessig delt bruk hjå leigetakar som hovudregel skal vere «fullstendig» avgiftsbehandling hjå utleigar, her Trivselshagen IKS, så lenge den kompensasjonsberettiga og den avgiftspliktige bruken overstig 5% av total bruk. Dette er særleg praktisk her, då Gloppen kommune etter det vi forstår nyttar alle eller stordelen av areala på dagtid til kompensasjonsberettiga bruk (skule), og på kveldstid til kino, treningssenter mv. eller til avgiftsunntatt framleige. Kommunen vil på den andre sida ikkje oppnå korkje fullt frådrag eller kompensasjon for meirverdiavgifta på husleige. Dette inneber at det kan vere korrekt å fullt ut avgiftsbehandle utleiga hjå Trivselshagen IKS, slik det er gjort i praksis. Etter revisjonen si vurdering kan det difor også sjå ut som om kontrakten ikkje treng endring. Problemstillingane knytt til korrekt handsaming av meirverdiavgift bør etter vårt syn difor utgreiast på nytt.

Når det gjeld fordeling av inntekter og utgifter mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune må dette baserast på det det partane sjølv blir samde om. Undersøkinga syner at det i dag ikkje er inngått avtalar som regulerer samarbeidstilhøvet utover det som går fram av selskapsavtalen, leigeavtalane og plan for areal og kostnadsfordeling. Samlege av desse dokumenta er utdaterte og ikkje i tråd med dei faktiske tilhøva slik dei ligg føre i dag, og fungerer difor ikkje tilfredsstillande for å regulere samarbeidet, samt inntekts- og kostnadsfordelinga.

I selskapsavtalen § 6 er det sett fast at det skal utarbeidast avtalar om bruk av areala og fordeling av kostnader. Det er ikkje utarbeidd avtalar i tråd med dette. Det er utarbeidd areal- og kostnadsfordeling, men revisjonen meiner det ikkje er tilfredsstillande at partane ikkje har gjort avtalar om kor ofte areal og kostnadsfordeling skal oppdaterast, og kva grunnlag som skal nyttast for fordeling (til dømes kor mange timar i døgnet som skal leggjast til grunn, og korleis framleige skal medreknast). Revisjonen ser at det er fleire dimensjonar som kompliserer samarbeidet mellom eigarane/leigetakarane og Trivselshagen IKS. For det første er det gått tid sidan utbygginga og samarbeidet starta, og både omgjevnader og føresetnadene som då var tilstades er endra. Det er dessutan kome til nye tilhøve undervegs, som ein opphavleg ikkje hadde teke høgde for i avtalar. Endringane og utviklinga har etter revisjonen si vurdering ikkje blitt handsama tidsriktig og følgd opp før det har utvikla seg ein uformell praksis.

Revisjonen meiner det er avgjerande å sikre at inntektene blir fordelt på ein avtalt og føreseieleg måte. Vidare må det etablerast ein kostnadsfordeling som speglar faktisk bruk (inkludert framleige) og som speglar kostnader knytt til arealet og tilhøyrande driftstenester.

Det er særskilt to område som er problematisk med omsyn til at praksis ikkje er spegla i gjeldande avtalar; badevaktstenestene og framleige. Praksisen som har utvikla seg ved at Gloppen kommune tek inntektene frå bassengbesøk er etter revisor si vurdering ikkje i samsvar med selskapsavtalen. I selskapsavtalen § 6 går det fram at «driftsinntektene går til selskapet dersom ikkje anna blir avtalt med deltakarane». Undersøkinga har vist at det ikkje ligg føre korkje munnlege eller skriftlege avtalar som tilseier at praksis skal avvike frå selskapsavtalen. Revisjonen merkar seg at det i samband med utarbeiding av forslag til nye leigeavtalar også er utarbeidd forslag til ein driftsavtale. Denne avtalen legg opp til at Gloppen kommune skal dekkja kostnadane for badevakttenester når symjeanlegget er ope for ålmenta.

Heller ikkje når det gjeld Gloppen kommune si framleige står inntekts- og utgiftssidene i forhold til kvarandre. Auka bruk gjennom kommunen si framleige av areala er ei direkte ulempe for fylkeskommunen ved at selskapet fordeler desse kostnadene ut frå bruksprosenten. Kommunen på si side meiner at denne ulempa må vegast opp mot det faktum at kapitalkostnadane blir fordelt etter same fordelingsnøkkel som øvrige kostnader, og at kommunen difor tek ein større del av desse. Det blir også vist til at kommunen har vesentlege kostnader knytt til drifta av bygget i samband med framleige, i tillegg til innkjøp som må gjerast. Uavhengig at dette, meiner revisjonen at det må avklarast og avtalefestast kva som skal definerast som framleige, og korleis inntekter og utgifter skal fordelast mellom eigarane, slik at praksis er i samsvar med gjeldande avtalar.

Revisjonen stiller spørsmål ved at selskapet blir belasta med ei festeavgift all den tid festavtalen er mellom Gloppen kommune og grunneigar. Revisjonen merkar seg at det i selskapsavtalen er lagt til grunn at tomtegrunn skal overførast til selskapet. Vi forstår dette til også å omfatte omfatte festerettar, enten ved at ein overfører festeretten og at selskapet slik ville ha vore ansvarleg for festeavgifta om selskapsavtalen hadde vore etterlevd. Kommunen kan også framfeste. Når dette ikkje er gjort blir det ei påfølgjande utfordring med kven som skal betale festeavgifta. Revisjonen meiner det ikkje er eintydig kva som vil vere rett praksis i dette tilfelle. Til grunn for ei slik vurdering er det fleire omsyn som kan takast, mellom anna knytt til den faktiske verdien på deltakarane sine eigedomar og festerettar som blir stilt til disposisjon for selskapet. Uansett bør ei avklaring av eventuell betaling av festeavgift avtalefestast, om det ikkje blir vedtatt i ny selskapsavtale.

6. Konklusjon og tilrådingar

Trivselshagen IKS er eit felles eigedomsanlegg som husar viktige funksjonar både for Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune. Anlegget legg til rette for å skape kulturaktivitetar som er viktige både for regionen. Revisjonen meiner samstundes at det er fleire utfordringar, som dels heng saman, knytt til Trivselshagen IKS som må adresserast og løysast for å få til god styring og drift av selskapet. Revisjonen vil særleg peike på tre forhold; (1) Eigarstruktur og –strategi, (2) Avtalar og retningslinjer, under dette også inntekts- og kostnadsfordeling, og (3) Samhandling mellom leigetakarane.

Eigarstruktur og eigarstrategi

Revisjonen merkar seg at det ikkje er avklart kva som er framtidig eigarstruktur for selskapet og at dette fortsatt held på å bli utgreia av fylkeskommunen. Gloppen kommunen på den andre sida har vore tydeleg på korleis kommunen ønsker at selskapet skal utvikle seg. Revisjonen meiner at dette medverkar til at situasjonen for selskapet er uavklart. Revisjonen meiner at ei avklaring av eigarstruktur også vil gjere det lettare å følgje opp tiltaka som er peikt på både i Vidsyn-rapporten og i denne revisjonen.

Revisjonen meiner at det ikkje er tilfredsstillande at eigarane ikkje har etablert ein felles eigarstrategi og lagt til rette for felles eigarføringar overfor selskapet. Revisjonen meiner også det er uheldig at det sit andre representantar i eigarmøta enn i representantskapet. Dette kan medverke til uklare eigarføringar. Dersom selskapet ikkje blir delt, bør det etter revisjonen si vurdering etablertast ein felles eigarstrategi som tydeleggjer eigarane sin strategi for selskapet. Det er denne som skal danne ramma for selskapet sin strategi og drift. Når det er klart kva eigarane ønskjer med selskapet framover må eigarane også sikre at føremålet i selskapsavtalen speglar dette. I dag kan formuleringa i selskapsavtalen forståast på ulike måtar. Revisjonen meiner denne formuleringa med fordel kan gjerast tydelegare.

Avtalar og retningslinjer, under dette også inntekts- og kostnadsfordeling

Revisjonen meiner at det er uheldig at det har utvikla seg ein praksis med omsyn til framleige og fordeling av inntekter og kostnader som ikkje er i samsvar med etablerte avtalar. Revisjonen meiner også at praksisen som har utvikla seg er lite etterprøvbar og oversiktleg.

Det er etablert ein praksis der ein god del inntekter går til Gloppen kommune, medan kostnadene blir dekkja av selskapet og dermed fordelt på både fylkeskommunen og kommunen. Dette gjeld særleg kostnadene knytt til bassenganlegget, men revisjonen vil framhalde at dette også gjeld all framleige som Gloppen kommune har ettersom bruk av bygget alltid vil ha ei kostnadsside, sjølv om det ikkje er knytt personalressursar til bruken. Revisjonen merkar seg at det blir vist til at Gloppen kommunen har vesentlege kostnader knytt til framleige og at det ikkje er rimeleg om alle inntektene skulle gå til selskapet. Revisjonen meiner at dette er forhold som det bør takast omsyn til når ein skal avtale kostnads- og inntektsfordeling knytt til framleige. Det bør også definerast nærare kva som er definert som framleige og kva som er definert som leigetakars ordinære bruk.

Det er revisjonen si vurdering at det til grunn for avtalane mellom selskapet og leigetakarane må etablerast ein revidert plan for bruks- og arealfordeling. Og at denne må oppdaterast årleg basert på faktisk bruk. Fordelinga bør også ta høgde både for ordinær bruk og framleige, og om deler av arealet er meir kostnadskrevjande enn andre.

Samhandling

Semje om struktur, strategi og avtalar er eit viktig grunnlag og utgangspunkt for god samhandling. Men for å få til ei god drift av selskapet er god dialog og tillit mellom leigetakarane, og mellom leigetakarane og dagleg leiing i selskapet, avgjerande. Det må difor settast i verk tiltak for fremje god samhandling. Revisjonen vil her også understreke at rollane må vere tydelege. Som leigetakar har ein andre roller enn som eigar, og ein må rette seg etter kva som er rett tenesteveg. Administrasjonen i fylkeskommunen og kommunen er leigetakarar. Representantskapet representerer eigarane.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga har revisjonen fleire tilrådingar. Vi har valt å rette desse til Sogn og Fjordane fylkeskommune, som kan ta initiativ til å sette i verk desse tiltaka saman med Gloppen kommune. Det er også eigarane som må gi styringssignal til selskapet om å følgje opp dei tiltaka som det er naturleg at styret og dagleg leiing tek ansvar for.

Revisjonen tilrår difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek initiativ til følgjande tiltak:

3. Ferdigstiller arbeidet med å utgreie eigarstruktur.
4. Utarbeider ein felles eigarstrategi for selskapet (dersom ein ikkje vel å dele selskapet).
5. Syter for at representantskapsmedlemmane deltek i eigarmøta.
6. Reviderer og vedtar ny selskapsavtale, og under dette tydeleggjer føremålet med selskapet.
7. Reviderer og vedtar nye leigeavtalar, inkludert avtale om fordeling av driftsoppgåver. Under dette også klargjer kva som skal reknast som framleige.
8. Reviderer og vedtar ein avtale om areal- og kostnadsfordeling som er basert på faktisk bruk av areala, inkludert framleige.
9. Følgjer opp at selskapet setter i verk tiltak for å betre samhandlinga mellom leigetakarane og selskapet.
10. Følgjer opp at selskapet gjer ei ny vurdering av MVA-plikta
11. Klargjer og eventuelt avtalesfestar korleis overføring av tomtar skal skje, særleg det som gjeld fesetetomtar og kva konsekvensar det har for betaling av festeavgift (om det ikkje inngår i ein ny selskapsavtale).

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Bygge- og eigedomstenesta

Sakshandsamar:
Jan Tore Rosenlund
E-post: jan.tore.rosenlund@sfj.no
Tlf.: 91674735

Vår ref.
Sak nr.: 19/9617-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 23.09.2019

Deloitte AS
Postboks 221 Sentrum

0103 OSLO

Midlertidig sperra
Ofi § 5, utsett innsyn

Svar - Selskapskontroll på høyring

Viser til tilsendt rapport om selskapskontroll Trivselshagen IKS den 16.09.19.

Fylkesrådmannen har gått gjennom rapporten og merka seg tilrådingane frå revisor. Tilrådingane er i stor grad knytt til dei same tilhøva som er omtalte i rapport frå Vidsyn Rådgivning AS av 01.12.2018 og delvis i rapport frå PwC av 29.05.2019. Selskapet Trivselshagen IKS har sjølv lagt fram forslag til løysingar i desse sakene. Dette gjeld t.d. ny selskapsavtale, ny kostnadsfordeling, nye leigeavtalar og ny driftsavtale med Gloppen kommune.

Fylkesutvalet har i fleire vedtak (sakene 10/19 av 06.03.19 og 63/19 av 19.06.19) slutta seg til tilrådde tiltak i tidlegare rapportar. Fylkesrådmannen har heller ikkje merknader til tilrådingane som kjem fram i denne selskapskontrollen.

Fylkesrådmannen vil likevel presisere at fylkeskommunen pr. dato står i selskapet, og dette er også eit alternativ i framtida. Dette er det gjort tydeleg greie for i nemnde saker, samtidig som det er ein klår føresetnaden at tilrådde tiltak i Vidsyn Rådgjeving AS sin rapport skal gjennomførast. Denne rapporten peikar på ei rekke utfordringar knytt til eigarstyring, økonomi, samarbeidsklima, kostnads- og inntektsfordeling mv. Dei tiltaka som her er omtalte, gjeld i hovudsak tilhøve mellom kommunen og selskapet. Fylkeskommunen har gjennom heile prosessen vore klår på rolleforståing/ansvarslinjer og at avvik skal rettast av selskapets organ.

Når fylkeskommunen vurderer andre eigarformer, er det ein direkte konsekvens av at alle tilrådde tiltak i Vidsyn Rådgjeving AS sin rapport ikkje er løyste og sett i verk. Fylkesrådmannen er difor noko spørjande til at selskapskontrollen gir inntrykk av at ein uavklart eigarstruktur frå fylkeskommunen si side er medverkande til at situasjonen for selskapet er uavklart.

Sjølv om selskapet har lagt fram forslag til løysingar, har dei ikkje lukkast med å rette opp alle avvik og gjennomføre tilrådde tiltak. M.a. er avgjerande punkt kring kostnadsfordeling og framleige ikkje avklarte. Dette kom fram i eigarmøte 15.08.19, som og var den frist fylkesutvalet hadde sett på dette arbeidet. Fylkesutvalet har gjeve fylkesrådmannen fullmakt til å tinge med Gloppen kommune om alternative eigarmodellar om ein ikkje lukkast med å gjennomføre tilrådde tiltak.

Vi ser at dei tilrådde tiltaka i denne selskapskontrollen vil være avhengig av framtidig eigarmodell. Det er naturleg at det i det vidare er selskapet/selskapet sine organ som følgjer opp tiltaka om selskapet skal vidareførast.

Besøksadresse:
Fylkeshuset

Postadresse:
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:
post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:
57638000

Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Jan Tore Rosenlund
bygge- og eigedomssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Deloitte AS Postboks 221 Sentrum 0103 OSLO

Kopi til:

Vedlegg 2: Høyringsuttale frå Trivselshagen IKS

Høyringsvar – Rapport frå selskapskontroll av Trivselshagen IKS

Viser til Dykkar rapport frå selskapskontrollen av Trivselshagen IKS som er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Trivselshagen IKS har bidrege til etterspurt informasjon og dokumentasjon som underlag til rapporten, samt svart på spørsmål frå Dykk. Vi vil også nytte høve til å takke for samarbeidet og for ei god og nyttig gjennomgang av selskapet.

Slik det blir vist til i rapporten er det eit pågåande arbeid kring framtidig organisasjonsform og – struktur i Trivselshagen IKS. Det føreligg i tillegg til Dykkar rapport, 2 rapportar frå dette utgreiingsarbeidet så langt. Mange av dei tiltak De tilrår i Dykkar rapport er også peika på i dei andre rapportane. Selskapet har, i tråd med eigarane si oppfølging av arbeidet, lagt fram løysingar på alle tiltak som er lista opp i føregåande rapportar. Tiltaka vil kunne gjennomførast kort tid etter at eigarane vert samde om løysingane framover.

Høyringsvaret er sendt på vegne av styreleiar og dagleg leiar, grunna svarfristen har ikkje styret hatt rapporten til uttale.

Anniken Rygg

dagleg leiar

Trivselshagen IKS



Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Lov om interkommunale selskaper, LOV-2017-06-21-101.
- Finansdepartementet: Lov om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven), LOV-2019-06-21-37

Førearbeider, rundskriv, rettleiarar mv.

- KS: Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll

Dokument frå selskapet

- Selskapsavtale
- Leigeavtalar med Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Leigeavtale med Gloppen kommune
- Forslag til nye leigeavtalar
- Areal og kostnadsfordeling utarbeidd 2008
- Nytt forslag til areal og kostnadsfordeling utarbeidd 2019
- Årsmelding og årsrekneskap Trivselshagen IKS for 2017
- Årsmelding og årsrekneskap Trivselshagen IKS for 2018
- Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022
- Referat frå leigetakarmøte på strategisk nivå 30.08 2017
- Referat frå styremøte 2017-2019
- Referat frå representantskapsmøte 2017-2019
- Referat frå eigarmøte 15.8.2019

Fylkeskommunale dokument

- Eigarmelding for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Vedtak i fylkesutvalet (10/19 av 06.03.19 og 63/19 av 19.06.19)

Andre kjelder

- Rapport Vidsyn rådgivning AS v/Jan Øchlkers, 1. desember 2018
- Rapport PwC, Trivselshagen IKS, sluttrapport, 29. mai 2019
- Notat Advokatfirmaet Øvrebø og Gjørtz AS, Mva . behandlingen i Trivselshagen IKS, 17. juni 2019

Nettsider:

Gloppen kommune (www.gloppen.kommune.no)

Trivselshagen – Gloppen kommune si nettside for verksemda i Trivselshagen (www.trivselshagen.no)



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.